


VESTNES KOMMUNE



**BUSTADSOSIAL HANDLINGSPLAN
DELPLAN
2011-2014**

Forord og avgrensning av handlingsplanen	2
1. Grunnlag for utgreiinga	3
1.1 Oppnemning, mandat og samansetting av grupper	3
1.2 Planprosessen	4
1.3 Bakgrunn for utgreiinga	6
1.4 Kommunen sine visjonar og mål for tenestetilbodet til målgruppa	9
1.5 Oppsummering	9
2. Omtale av kommunen	9
2.1 Folkemengde i dag og fram i tid, sjå vedlegg 1	10
2.2 Utviklinga i næringslivet	10
2.3 Unge arbeidsledige, arbeidstilbod og egna aktivitetstilbod.	11
2.4 Bustadutviklinga i den ordinære marknaden	12
2.5 Oppsummering	13
3. Økonomiske verkemiddel	14
3.1 Dei økonomiske verkemidla til Husbanken	14
3.2 Prosjektmidlar	14
3.3 Kommunen sin bruk av låne- og tilskottsordningar	14
3-3.1 Bruk av Husbanken sine verkemidlar	14
3.3.2 Andre verkemiddel som er nyttå i tenestetilbodet	15
3.4 Oppsummering	16
4 Oppfølgingstenestene i kommunen for målgruppa.	16
4.1 Det ordinære tenesteapparatet	17
4.2 Den spesifikke oppfølgingstenesta for målgruppa	17
4.3 Oppsummering	22
5. Kartlegging av vanskelegstilte i målgruppa	23
5.1 Oppfølgingstenester for vaksne i målgruppa	23
5.2 Mange er registrert med bruk av illegale rusmidlar	23
5.3 Usikre tal om bustadbehov for personar i målgruppa	24
5.4 Oppsummering	26
6. Den kommunale bustadmassen og nyttinga av denne	27
6.1 Organisering av bustadoppgåver	27
6.2 Bustadar for bestemte målgrupper	29
6.3 Den øvrige bustadmassen	29
6.4 Utfordringar knytt til bustadtildeling og bustadmiljø	30
6.5 Oppsummering	34
7. Handlingsplan og tiltak	36
7.1 Behovet for bustad og oppfølging delt inn i trinn.	36
7.2 Gjenbruk av bustadar etablert for personar med utviklingshemming.	38
7.3 Andre kommunale bustadar	39
7.4 Sal og kjøp av bustadar	40
7.5 Oppfølgingstenestene	40
7.6 Oppsummering	41
8. Handlingsplan og tiltak	42
8.1 Plan og tiltak for bustad:	42
8.2 Plan og tiltak for oppfølgingstenestene:	43
8.3 plan og tiltak kring økonomi:	43
9. Oppfølging av Bustadsosial handlingsplan	44
9.1 Overordna ansvar for oppfølging av planen	44
9.2 Rullering av planen	44

Vedlegg 1, 2 og 3

Forord og avgrensing av handlingsplanen

Med bakgrunn i signal frå sentralt hald, har Husbanken dei siste åra oppmoda kommunane om å utarbeide bustadsosial handlingsplan. Etter mandat frå administrasjonssjefen har ei eiga prosjektgruppe utarbeidd ei delplan med forslag til bustadsosial handlingsplan for Vestnes kommune. Planen omhandlar ikkje alle vanskelegstilte på bustadmarknaden i Vestnes kommune.

I tillegg til prosjektgruppa har både ei styringsgruppe og ei referansegruppe delteke i planprosessen. Brukargruppe har gitt innspel i planprosessen gjennom det kliniske arbeidet.

Målgruppe for planen er vanskelegstilte personar med utfordringar knytt til rus og/eller psykisk helse, som har behov for bustad og/eller bistand for å bu.

Som det kjem fram av definisjonen av målgruppa er det her snakk om personar som ikkje berre har behov for hjelp til å skaffe bustad, men behov for oppfølging for å bu. Det vere seg behov for samtalar til tett oppfølging med eit vidt spekter av tiltak retta mot mellom anna økonomi, behandlingstiltak, utdanning, aktivitet og arbeid.

Den bustadsosiale handlingsplanen er meint vere eit reiskap for korleis fleire vanskelegstilte i målgruppa kan få ein tryggare bu- og livssituasjon, mellom anna gjennom effektiv bruk av bustadsosiale verkemiddel. Dette inkludert ein presentasjon av Husbanken sine verkemiddel og kommunen sin bruk av dei.

Vestnes kommune har ikkje hatt bustadsosial handlingsplan for målgruppa tidlegare. Plandokumentet omtalar behovet for bistand for å bu i dag og framtidige behov i den grad det er mogleg å seie noko om. Planarbeidet er knytt til prosjektet Bustadsosialt Arbeid i NAV.

Forslaget til bustadsosial handlingsplan skal danne grunnlag for politisk behandling. Ein legg til grunn at informasjonen kring målgruppa ikkje er fullt ut kjent frå før. Ut frå dette vert det her gjort ein relativt fyldig omtale om personar i målgruppa med vekt på å få fram informasjon om det kommunale tilbodet i dag, med erfaringar, utfordringar og individuelle behov i tenesteytinga.

Sjølv om dette er ei delplan retta mot ei definert målgruppe, må ikkje dette overskugge at det her er snakk om enkeltindivid som har svært varierte individuelle behov. Som gruppe kan ein seie at eit kjenneteikn er periodevis ustabilitet med store variasjonar i behovet for kommunale tenester og samarbeid med eksterne aktørar. Denne variasjonen gjer at det er ei utfordring å ha oversikt over kor mange som til ei kvar tid har behov for bustad og omfanget på tenestebehovet, både på kort og lang sikt. Dette gjeld særleg for personar som har utfordringar knytt til rus eller kombinasjon rus/psykisk helse. Dette gjer at utvikling både på kort og lang sikt er prega av usikre tal.

Til slutt kjem ein gjennomgang av tiltak som vert tilrådd sett i verk for å auke sjansane for at vanskelegstilte i målgruppa får den bistand dei treng for å meistre å bu. Ut frå mandat omhandlar ikkje tiltaka nybygging av bustadar. Dette har samanheng med det høge talet på bustadar som kommunen har etablert i samband med ansvarsreforma (HVPU) og den vanskelege økonomiske situasjonen kommunen er i pr. dd, òg som vil prege kommunen dei nærmaste åra.

Planen må sjåast i samanheng med og knytast opp mot andre plandokument i kommunen.

1. Grunnlag for utgreiinga

1.1 Oppnemning, mandat og samansetting av grupper

Administrasjonssjefen ber i brev den 28.01.09 om at det vert starta eit arbeid med bustadsosial handlingsplan for Vestnes kommune. Utarbeiding av planen er nært knytt til at kommunen har motteke prosjektmidlar for å drive bustadsosialt arbeid overfor menneske som har vanskar med å komme inn på den ordinære bustadmarknaden. Målgruppa i prosjektperioden for det bustadsosiale arbeidet er personar med utfordringar kring rus/psykisk helse/samansette behov.

Prosjektperioden er 3 år og oppstart for prosjektstillinga var nov. 2008. Kommunen såg at ein gjennom det kliniske arbeidet i prosjektperioden kunne få informasjon om saksområdet og kor omfattande problemstillingane for målgruppa er. Administrasjonssjefen oppnemte i same brev bustadtildelingsnemnda som prosjektgruppe for planarbeidet. Vidare at koordinator for bustadsosialt arbeid skulle tiltre nemnda, med ansvar for framdrift i planarbeidet.

Prosjektgruppa vart bede om å levere ferdig forslag til bustadsosial handlingsplan til administrasjonssjefen, som legg saka fram til politisk behandling.

Ut frå føringar frå sentralt hald er det sett som viktig at den bustadsosiale handlingsplanen vert knytt opp mot andre plandokument i kommunen som ruspolitisk handlingsplan, psykiatriplan, omsorgsplan og økonomiplan.

Denne bustadsosiale handlingsplanen omhandlar ikkje alle vanskelegstilte på bustadmarknaden i Vestnes kommune. Administrasjonssjefen har bede om ei delplan. Vidare at tiltaka ikkje skal omhandle nybygging av kommunale bustadar, men bruk av eksisterande kommunal bustadmasse. Dette både ut frå den vanskelege økonomiske situasjonen kommunen er i òg at kommunen har ein relativt stor bustadmasse.

I møte med styringsgruppa august 2009 vart målgruppa for handlingsplanen avgrensa til å omhandle særleg vanskelegstilte personar med store utfordringar knytt til rus. Ut frå innspel i møte med referansegruppa og styringsgruppa i mars 2010, vart personar med utfordringar knytt til psykisk helse innlemma i definisjonen. Det er ein sterk samanheng mellom misbruk av rusmidlar og psykiske lidingar, der grensegangane er flytande. Det kan variere kva som til ei kvar tid er hovudproblematikken for den enkelte. I mange tilfelle er det snakk om dobbeldiagnoser eller "samtidighet" som er det nye faglege omgrepet.

Målgruppe for handlingsplanen er definert som:

Vanskelegstilte personar med utfordringar knytt til rus og/eller psykisk helse, som har b ehov for bustad og/eller bistand for å bu.

Definisjon av vanskelegstilte:

"Vanskligstilte på boligmarkedet er de som av en eller annen grunn er uten bolig, lever med ustabile boforhold eller har vanskeligheter med å bli boende i bolig." (jf. NOU 2002:2).

I planarbeidet har følgjande grupper vore oppnemnt:

Prosjektgruppe:

Rune Håseth, kommunalsjef

Einar Aagård, konsulent for Bustad og eigedom

Karin Pedersen, leiar i NAV

Kari Opstad, koordinator for Bustadsosialt Arbeid

Etter møte med administrasjonssjefen og kommunalsjefane i sept. 2009 vart følgjande medlemmar oppnemnt til styringsgruppe og referansegruppe:

Styringsgruppe:

Tone Roaldsnes, administrasjonssjef

Rune Håseth, kommunalsjef

Magne Værholm, kommunalsjef

Nils Øvstedal (innkalling ut frå behov), kommunalsjef

Referansegruppe:

Øyvind Uren, ordførar

Iren Nakken, heimetenesta/psykiatritenesta

Beate Frostad, sakshandsamar bustønad

Helene Brendeløkken, driftsleiar Barne- og ungdomstenestene

Øystein Solbakken, driftsleiar tekniske tenester

Synnøve Lange, brukarorganisasjonen Mental Helse

1.2 Planprosessen

Eit mål i planarbeidet har vore heilskapleg tverrfagleg og tverretatleg tilnærming med deltaking frå brukarorganisasjonar og brukargrupper.

Brukarorganisasjonen Mental helse har delteke i prosessen som representant i referansegruppa. Brukarorganisasjonen Landsforeininga Mot Stoffmisbruk fekk invitasjon om å delta i referansegruppa, men kunne ikkje delta. Målet var også å etablere ei brukargruppe som kunne kome med innspel i planprosessen. Det har ikkje lukkast, men i det kliniske arbeidet har personar i målgruppa gitt informasjon og innspel som er teke omsyn til i planen.

Husbanken har vore gjennom ei omlegging frå å vere ein finansieringsinstitusjon til å verte eit kompetansesenter for bustadsosialt arbeid med ansvar for rettleiing overfor kommunane. Ut frå dette ser vi Husbanken som sentral aktør i planprosessen og gjennomføring av handlingsplanen.

Prosjektgruppa tok derfor kontakt og etterspurte om Husbanken kunne delta blant anna i den planlagde oppstartsfasen/idèdugnaden i planarbeidet. Etter avventing utover hausten 2009 for å få ei avklaring på invitasjonen, vart det etterkvar avklara at Husbanken ikkje hadde kapasitet til å delta i vårt planarbeid. Dette heng saman med at Husbanken sine ressursar er prioritert å gå til dei kommunane som er i prosjektet "Prioriterte kommunar". Vestnes kommune er ikkje av dei kommunane som er prioritert i så måte.

Tverrfaglege og tverrasektorielle kompetansehevingstiltak med hovudtema rus vart avvikla to dagar i september 2009 og ein dag i mars 2010. Tiltaket var finansiert av tilskott frå M&Rfylke.

Organisasjonen KREM v/Hilde Dahlen var leid inn dei 3 seminardagane for å sette fokus på situasjonen vedr. rusavhengige i Vestnes. I tillegg for å heve kompetansen i kommunen med erfarringsdeling frå andre kommunar og spesifikke prosjekt organisasjonen KREM har delteke i. I seminara vart det henta inn opplysningar frå deltakarane om erfaringar og utfordringar deltakarane opplever i Vestnes, som munna ut i ulike forslag til tiltak.

På seminaret deltok representantar frå sentraladministrasjonen, grunnskulane, barnehagar, Rådet for funksjonshemma, Ungdomsrådet, Helsestasjon for unge, Psykiatritenesta, Barne- og ungdomstenestene, Legesenteret, NAV og ordføraren. Både Midt-Norsk Kompetansesenter avd. Vestmo og representant frå Fylkesmannen var invitert, men hadde ikkje høve til å møte.

I tillegg til som nemnt over og til det interne og eksterne arbeidet, legg vi til grunn informasjon som er henta inn både som medlemmar i bustadtildelingsnemnda for ikkje øyremerka bustadar, psykiatriforum, samarbeid med psykiatrisk sjukepleiar og samarbeidsforum mellom Politi/BUT/NAV der andre aktuelle samarbeidspartar som Gjermundnes vg. skule har delteke.

I tillegg til informasjonskilder som nemnt over, vart det i mars 2010 gjort ei grovkartlegging for å få informasjon om tal på personar i kommunen som er kjent har utfordringar knytt til rusmidlar.

Arbeidet med planen har i hovudsak vore dekt av kommunale ressursar. Organisasjonen KREM v/Hilde Dahlen og Catrine Skaar deltok i idèdugnad for handlingsplanen i mars 2010 der både styringsgruppa, referansegruppa og prosjektgruppa var samla. Ut frå konklusjon der er samarbeidet med KREM v/Hilde Dahlen helde fram. Dette for å få bistand med utforming av søknadar om prosjektmidlar for å vidareutvikle og gjennomføre kommunale tiltak knytt til tiltak i handlingsplanen. Avalen er at H. Dahlen gir hjelp i søknadsprosessen kostnadsfritt om ikkje søkerane tilfører kommunen prosjektmidlar. Samarbeidet om prosjektsøknadar er påstarta.

Organisasjonen KREM har vore aktørar i mange store prosjekt i fleire kommunar, var sentral i prosjektet "På vei til egen bolig" og har nært samarbeid med sentrale myndigheter. Organisasjonen har positive resultat med tiltak som får personar som er arbeidsledige, sjukmeldte, uføretrygda, sosialklientar eller attførte tilbake i arbeidslivet. Organisasjonen har blitt tildelt pris for arbeidet sitt. Meir informasjon om KREM på <http://www.krem-norge.no>.

Planarbeidet vart påstarta i januar 2009. Koordinator for det bustadsosiale arbeidet var nytildelt ved oppnemninga i prosjektgruppa for den bustadsosiale handlingsplanen og hadde ikkje kjennskap til behova målgruppa har og kor omfattande problemstillingane er. Det var sett som viktig at det daglege bustadsosiale arbeidet vart oppretthalde i planperioden. Dette med målsetting å innhente informasjon i det kliniske arbeidet, noko som har gjort at ein sit med viktig kunnskap om målgruppa.

Forsлага i handlingsplanen tek utgangspunkt i behova til brukarane slik vi kjenner dei i dag.

I prosessen med utarbeidninga av handlingsplanen har det vore jamlege møter i prosjektgruppa. Prosjektgruppa har vore på erfarringsinnhenting i to kommunar, Kristiansund og Haram. Det har vore avvikla 3 møter med styringsgruppa. Både referansegruppa og styringsgruppa deltok på idèdugnaden i mars 2010. Ideelt sett burde det ha vore avvikla fleire møter med gruppene undervegs i prosessen med utarbeidninga av handlingsplanen. Av ulike orsakar er ikkje det målet nådd.

Styringsgruppa og referansegruppa har, i tillegg til som nemnt over, gitt uttalar i møter knytt til høyringsutkast av handlingsplanen i oktober 2010. I tillegg er det bede om at gruppene gir skriftlege uttalar til planen. Utalane vert lagt ved forslaget til handlingsplanen som vedlegg.

1.3 Bakgrunn for utgreiinga

Normalisering og integrering er ei viktig overordna målsetting for norsk velferdspolitikk. Dei seinare åra har eit viktig verkemiddel for å nå desse måla vore å gi utsette grupper tilgang til eigen bustad. Eigen bustad er viktig mellom anna for personleg tryggleik og identitet. Det handlar ikkje berre om ein stad å bu, men ein plass å høyre til der ein kan bygge nettverk. Brukarinnverknad for den enkelte skal være eit viktig prinsipp, både i val av buform og i oppfølgingstenestene.

Den overordna visjonen for norsk bustadpolitikk kjem mellom anna fram av ST.meld. nr 23 (2003-2004) der vi vert oppfordra til auka satsing i forhold til dei mest vanskelegstilte med å:

- Legge til rette for ein velfungerande bustadmarknad
- Skaffe bustadar for vanskelegstilte på bustadmarknaden
- Auke talet på miljøvennlege og universelt utforma bustadar og buområde

Prosjekt Bostedsløse er ein sentral del av Regjeringens Tiltaksplan mot fattigdom (St. meld.nr. 6 (2002-2003). Å sikre gode og stabile busituasjonar for personar utan bustad er eit av hovudtiltaka i planen. Viser også til strategien ”På veg til egen bolig” (2005-2007) som har mål å førebyggje og kjempe mot bustadløyse. Bustadsosial handlingsplan er meint å legge ein strategi for dette arbeidet.

Stortingsmelding nr 49 (1997-1998) om bustadetablering for unge og vanskelegstilte oppfordrar oss til å utarbeide ei tverrsektoriell handlingsplan for bustadetablering for vanskelegstilte grupper.

Planen skal gi kommunen betre oversikt over behov og bustadsosiale verkemidlar og dermed eit betre grunnlag for å utvikle lokale strategiar.

Alle har i utgangspunktet ansvar for å skaffe seg sin eigen bustad. Men det er personar som ut frå sosiale, psykiske, fysiske eller andre utfordringar har vanskar med å skaffe seg bustad eller å behalde bustaden sin. Denne gruppa vil permanent eller i periodar falle utanfor den ordinære bustadmarknaden. Ein overordna målsetting er å rette opp dette forholdet ved bustadsosiale tiltak.

Opptrappingsplanen for Psykisk helse (1999–2008) vart avløyst av Opptrappingsplan for rusfeltet (2007–2010). Det er ein sterk samanheng mellom bruk av rusmidlar og psykiske lidingar. Det overordna målet i opptrappingsplanen for rusfeltet er å redusere dei negative konsekvensane som rusmiddelmisbruk har for enkeltpersonar og for samfunnet. Dette gjennom mål som: eit tydeleg folkehelseperspektiv, betre kvalitet og auka kompetanse, meir tilgjengelege tenester og auka sosial inkludering, forpliktande samarbeid, auka brukarinnflytelse og betre ivaretaking av barn og pårørande. Planen må også sjåast i samanheng med Stortingsmelding nr. 47, Samhandlingsreforma, som vart vedteken av Stortinget i april 2010.

Sosial bustadpolitikk skal førebyggje at menneske kjem i sosialt og økonomisk uføre. Den skal og vere eit verkemiddel for å kjempe mot fattigdom. Tilfredsstillande bustad er eit grunnleggjande element her, inklusivt at mellombels husvære har ein forsvarleg standard. Kor viktig det er å ha ein stad å bu vert også gjenspegla i Menneskerettane, der retten til bustad er nedfelt.

Kommunane har lovpålagt ansvar for å hjelpe vanskelegstilte på bustadmarknaden. Dette vert regulert av Lov om sosiale tenester §3-4; Boliger til vanskeligstilte;

”Sosialtjenesten skal medvirke til å skaffe boliger til personer som ikke selv kan ivareta sine interesser på boligmarkedet, herunder med særlig tilpassing og med hjelpe- og vernetiltak for dem som trenger det på grunn av alder, funksjonshemmning eller av andre årsaker”.

I tillegg vert kommunen sitt ansvar regulert av Lov om sosiale tenester §4-5 òg tilsvarande lovregulering i Lov om sosiale tenester i NAV §§ 15 og 17:

”Sosialtjenesten er forpliktet til å finne midlertidig husvære for dem som ikke klarer det selv”. Denne plikta er avgrensa til å skaffe midlertidig husvære i en nødsituasjon”.

Nasjonale visjonar og overordna mål skal i hovudsak gjennomførast på kommunalt nivå og av kommunale organ. For å nå dei måla og for å oppnå måla som heilskapleg, samanhengande tiltak og ”sømløs behandling”, er det viktig å ha nær dialog og samarbeid med eksterne aktørar som spesialisthelsetenestene og ulike Kompetansesenter.

Etter Lov om sosiale tenester § 4-2 bokstav a, skal kommunen tilby praktisk bistand og opplæring til dei som har eit særlig hjelpebehov på grunn av sjukdom, funksjonshemmning, alder eller anna orsak. Støttekontakt, etter same lov § 4-2 bokstav c, er ei teneste som skal hjelpe den enkelte til ei meiningsfull fritid. Vidare er det i denne lova, kapittel 6, omtala kommunen sine oppgåver knytt til særlege tiltak overfor rusmiddelmisbrukar. Dette vere seg tiltak for å hjelpe den enkelte til å komme bort frå misbruk av alkohol og andre rusmidlar, plikt til å vurdere bruk av tvang med tilbakehald i institusjon utan eige samtykke og institusjonsopphald for gravid rusmiddelmisbrukar med eller utan eige samtykke.

Personar som har vanskar med å meistre eigen bu- og livssituasjon kan ha behov for bistand frå kommunehelsetenesta.

I følgje kommunehelsetenelova § 1-3 første ledd skal kommunen si helseteneste blant anna omfatte behandling av sjukdom, skade eller lyte, medisinsk habilitering og rehabilitering og pleie og omsorg. Etter § 2-1 har alle rett til naudsynt helsehjelp i den kommunen vedkommande bur eller oppheld seg.

I rundskriv U- 10/2002; Boligsosialt arbeid – er bistand for å meistre eit butilhøve framheva med behov for heilskapleg tilnærming i arbeidet for å førebyggje utkasting av bustaden, og i verste fall bustadløyse. I rundskrivet vert det vist til verkemiddel som kan bidra til at den enkelte kan meistre busituasjonen sin. Eit formålet med dette rundskrivet er eit ynskje om å vise korleis bustadformidling og tenesteyting kan og bør sjåast i nær samanheng.

Eit vellykka bustadsosialt arbeid krev ei heilskapleg tilnærming på tvers av organisatoriske grenser og forvaltningsnivå. Det bustadsosiale arbeidet er omfattande og omhandlar alt frå kommunen sin innsats for å skaffe den vanskelegstilte bustad og tiltaka som kan auke den enkelte sine evne til å meistre bu- og livssituasjonen. Arbeidet vil derfor omfatte eit breitt spekter av verkemiddel og tiltak. Dei verkemidla og tiltaka kan vi med eit samleomgrep kalle bustadsosialt arbeid. Dette vil gjelde bruk av verkemidlar, kunnskap og lovverk frå ulike sektorar og fagfelt for å bidra til å auke enkeltpersonar sine evne til sjølv å kunne etablere seg i ein bustad, behalde den og meistre eige liv.

Eit av mål i oppfølginga av den enkelte må vere å få ned talet på personar som har sosialstønad og/eller suppleringsstønad som hovudinntekt. Dette kan nåast med at personar får hjelp til å skaffe eiga inntekt ved å kome i arbeid/aktivitet, nytte statlege stønadsordningar som Husbanken sine verkemiddel og nytte tiltak via NAV t.d. arbeidsavklaringspengar (AAP), kvalifiseringsstønad eller uføretrygd. Tiltak i regi NAV gir vanlegvis høgare stønadssats enn sosialstønad, og gir derfor den enkelte betre høve til å forsørge seg sjølv. Innsparing på sosialbudsjettet kan igjen bidra til at kommunen får frigjort ressursar som t.d. kan nyttast i førebyggande arbeid og oppfølging av personar i målgruppa.

Alle som har behov for langvarige og koordinerte sosial- og helsetenester, har rett til å få utarbeidet ei individuell plan (IP) dersom personen sjølv ynskjer det. Planen skal være eit verkty og ein metode for samarbeid mellom tenestemottakar og tenesteapparatet, og mellom de ulike tenesteytarane. Det skal til ei kvar tid være ein tenesteytar som har hovudansvaret for kontakt med brukaren og koordinering mellom dei som yter tenester til vedkomande. Initiativet til å få IP kan komme frå vedkomande sjølv eller pårørande, men hovudansvaret for å utarbeide individuelle planer ligger i tenesteapparatet.

Retten til Individuell Plan er lovheimla både i Lov om sosiale tjenester § 4-3a, Lov om kommunehelsetjeneste § 6-2a, Lov om arbeids- og velferdsforvaltningen § 15, Lov om psykisk helsevern § 4-1, Lov om spesialisthelsetjeneste § 2-5 og Pasientrettighetsloven § 2-

Den individuelle planen skal forankrast i kommunen sitt tenesteapparat og representant frå kommunen vert derfor oppnemt som koordinator for oppfølging av planen. Dette uavhengig av om planen kjem i stand som ledd i institusjonsopphald eller poliklinisk behandling i spesialisthelsetenesta

Ut frå som nemnt over har kommunane ein viktig rolle i den nasjonale bustadpolitikken, og staten ved at det vert tilført kommunane ei rekke statlege verkemiddel for å ivareta denne oppgåva. Dei midlar og reglar som Husbanken vert gitt til ei kvar tid, er med og bestemmer utviklinga på den sosiale bustadmarknaden.

Mykje tydar på at eit planmessig godt bustadsosialt arbeid også er god kommuneøkonomi. Sosialtenestelova § 5-1 pålegg den kommunale sosialtenesta å dekke buutgifter for:
”....den som ikke selv kan sørge for sitt livsopphold gjennom arbeid eller ved å gjøre gjeldende økonomiske rettigheter.

I tillegg til tiltak på kommunalt nivå, er staten sine verkemiddel sentrale for at fleire vanskelegstilte skal få den bistand dei treng både for å skaffe bustad og tilstrekkeleg oppfølging for å meistre bu- og livssituasjonen. Staten kan bidra ved å betre kommuneøkonomien og utviklinga av støtteordningane i Husbanken. Dette både til kommunale utleigebustadar og til enkeltpersonar.

Med bakgrunn i signal frå sentralt hald, har Husbanken dei siste åra oppmoda kommunane om å utarbeide bustadsosial handlingsplan.

Bustadsosial handlingsplan er grunna i arbeidet med å gi vanskelegstilte grupper tilgang på ein ega bustad og tiltak for å meistre bu- og livssituasjonen sin. Dette krev eit nært samarbeid mellom fleire kommunale instansar saman med eksterne organ.

Vidare skal ei bustadsosial plan gjere greie for Husbanken sine låne- og tilskotsordningar. Bustadsosial handlingsplan, eller anna planverk som gjer greie for kommunen sin bustadsosiale politikk, må vere utarbeidd om kommunen skal verte tildelt Bustadstilskott frå Husbanken.

1.4 Kommunen sine visjonar og mål for tenestetilbodet til målgruppa

Visjonar:

Personane i målgruppa skal få høve til å leve eit normalisert, inkluderande liv og ha eit aktivt liv i fellesskap med andre ut frå individuelle ynskjer og behov

Mål:

1. Vestnes kommune skal i samarbeid med den enkelte og andre aktuelle aktørar gje eit heilskapleg individuelt tilrettelagt tilbod med rett bistand til rett tid ved at:

- bistanden vert tilpassa livssituasjonen til den enskilde
- kommunen har tilstrekkelege ressursar til tenesteytinga

2. Vestnes kommune sine tenester til målgruppa skal ha eit forsvarleg fagleg nivå:

- der tenesteytarane får høve til fagleg oppdatering og kompetanseheving
- ved eit kvalitativt godt systematisk internt og eksternt samarbeid

1.5 Oppsummering

Aministrajonssjefen har bede om at det vert utarbeidd bustadsosial handlingsplan for vanskelegstilte personar med utfordringar knytt til rus og/eller psykisk helse som treng bustad og/eller bistand for å bu. Eit mål i planarbeidet har vore heilskapleg tverrfagleg og tverretatleg tilnærming og med deltaking frå brukarorganisasjonar og brukargrupper.

Norsk velferdspolitikk med overordna visjonar og målsettingar legg føringar for tiltak som i hovudsak skal gjennomførast på kommunalt nivå og av kommunale organ. Kommunen har lovpålagte oppgåver for å hjelpe vanskelegstilte. Både Lov om sosiale tenester og Lov om kommunale tenester er sentrale for tenesteytinga og det bustadsosiale arbeidet.

Vellykka bustadsosialt arbeid krev heilskapleg tilnærming på tvers av organisatoriske grenser og forvaltningsnivå. Arbeidet er omfattande og omhandlar eit breitt spekter av verkemiddel og tiltak som har samleomgrepet bustadsosialt arbeid. For nokon utløyse dette retten til Individuell plan.

Med bakgrunn i signal frå sentralt hald, har Husbanken oppmoda kommunane om å utarbeide bustadsosial handlingsplan. Forsлага i handlingsplanen tek utgangspunkt i behova til brukarane slik vi kjenner dei i dag. Den skal vere eit reiskap for å nå nasjonale og kommunale visjonar og mål.

Mykje tydar på at eit planmessig godt bustadsosialt arbeid også er god kommuneøkonomi. Ei plan aleine vil ikkje løyse dei utfordringar kommunane står overfor. Her er det vesentleg at den bustadsosiale planen vert følgt opp på ein systematisk måte med innarbeidde tiltak, og at planen

2.1 Folkemengde i dag og fram i tid, sjå vedlegg 1

Talet på innbyggjarar i Vestnes kommune pr 1.1.2010 er 6 506. Folketalet i Vestnes viser ein liten vekst dei siste åra. Prognose viser at folketalet vil halde seg relativt stabilt framover. I denne samanheng er det mest interessant å sjå på tal for aldersgrupper under 30 år. Dette med tanke på gjennomsnittleg alder for debut vs. rusmidlar og /eller utvikling av psykiske lidingar, risikogrupper, overgangar i utdanning-/yrkesval og for etablering i eigen bustad.

Statistikk for 2009, henta frå heimesida til Vestnes kommune, syner at vel 18 % av befolkninga er i aldersgruppa 15 – 30 år, derav ca 13 % i aldersgruppa 15 – 25 år . I statistikken for 2010 kjenner vi att denne konsentrasjonen med unge under og over 20 år.

Nemnte aldersgrupper er også særleg viktige i det førebyggjande arbeidet i oppveksten og den individuelle oppfølginga. Dette for å gjere den enkelte i størst mogleg grad i stand til å leve eit inkluderande og normalisert sjølvstendig liv.

2.2 Utviklinga i næringslivet

Utviklinga innan næringslivet har naturleg nok stor innverknad på lokalsamfunnet.

Dei største arbeidsgjevarane i kommunen er innan skipsindustri og kommunal sektor.

Kommunen har både historisk og i ny tid hatt einutbygd skipsindustri. I dag er dei tre største: STX Europe, Aas Mekaniske og Solstrand. I tillegg til lokalbefolkninga hadde denne industrien fram til i fjer svært mange leigearbeidarar.

Finanskrisa har i noko grad ramma både store og små bedrifter i kommunen.

Den relativt store pleie- og omsorgssektoren i kommunen har sitt utspring frå sentralinstitusjon for personar med utviklingshemming, Hellandheimen. Etter avviklinga av HVPU var det mange av institusjonsbebarane som valte å busette seg i Vestnes. Kommunen har mange tilsette som har sitt virke knytt til personar med utvilingshemming.

Bygging av Tresfjordbrua med planlagt oppstart i 2011 er venta vil gje fleire arbeidsplassar mellom anna innan bygg- og anleggsbransjen

Kommunen ligg geografisk gunstig til med tanke på næringslivet med relativt korte reiseavstandar til fleire byar og andre kommunar.

2.3 Unge arbeidsledige, arbeidstilbod og egna aktivitetstilbod.

Gjennomsnittleg arbeidsløyse i fylket pr juli 2010 var 2.5% og i Vestnes 3.5 %. I kommunen var det i den perioden registrert 122 personar heilt utan arbeid. Av dei var 26 personar under 25 år og 15 personar mellom 25 -30 år. Dette viser at 33.6 % av dei heilt utan arbeid var under 30 år. Vi nemner spesielt tal på unge ledige ut frå at mange av dei er i risikogruppa eller alt har ei utfordring vs. rus og /eller psykisk helse. Staten gir føringer for at tiltak skal særleg rettast mot unge.

Som nemnt i kap. 2.2 så har utviklinga i næringslivet stor innverknad på lokalsamfunnet og for den enkelte for å kunne skaffe seg egna arbeid. Ein strammare arbeidsmarknadssituasjon og at mange i målgruppa manglar den formalkompetansen som dei fleste yrker krev, gir auka utfordringar i å lykkast her. Målretta arbeid gjennom tilrettelegging er avgjerande for å hindre at personar med redusert funksjonsevne faller ut av arbeidslivet. Dette vil vere faktorar som verkar inn på dei relativt høge tala med heilt arbeidsledige unge som vist over.

Statistikk viser høge tal for Vestnes òg på elevar som fell ut av den vidaregåande skulen, vel 1/3 av elevane fullfører ikkje skulegangen. Det vert samarbeidd med Oppfølgingstenesta i fylket om tiltak for enkelpersonar. Fleire av dei er med i statistikken over arbeidsledige.

Tilbod om kompetanseheving, aktivitet og arbeid vert sett som viktige faktorar mellom anna både i det førebyggjande arbeidet og i ein rehabiliteringsprosess.

Den ordinære arbeidsmarknaden vert i den grad det er mogleg nytta for personar i målgruppa for handlingsplanen. For dei personane som har behov for tilrettelegging ut over det den ordinære arbeidsmarknaden kan gjere, vert det for enkelte gitt særleg tilrettelagt tilbod i kommunen ved TreMek AS og Myra Aktivitetssenter.

TreMek AS er ei bedrift som i hovudsak gir tilbod om tilrettelegging, kvalifisering og varig arbeid til yrkeshemma. Bedrifta er ei vidareføring av tidlegare kommunalt arbeidssamvirke der kommunen er eineaksjonær. Det er i dag om lag 50 personar i bedrifta og den er godkjent for 15 plasser for personar som treng varig tilrettelagt arbeid (VTA-plassar). Bedrifta har 3 avdelingar: mekanisk, tre og keramikk.

Myra Aktivitetssenter ligg organisatorisk til NAV og gir tilrettelagt aktivitets- og arbeidstilbod ut frå individuelle behov og mål. Tilboden var i si tid oppretta som Psykiatrisk dagsenter. Tilboden er eit dagtilbod, opent 4 dagar pr veke og 4.kvar søndag. To dagar for veka er tilboden retta særleg mot godt vaksne som har utfordringar knytt til psykisk helse og behov for ein møteplass og fellesaktivitetar. Målgruppa vart utvida for vel 1 år sidan til også å gi tilbod til personar som har utfordring knytt til rus. To dagar for veka er tilboden retta mot yngre personar med utfordringar knytt til rus og/eller psykisk helse, som i ei periode har behov for tilrettelagt tilbod med mål å komme over i anna aktivitets-/arbeidstilbod. Aktivitetssenteret jobbar aktivt med å utvikle nye aktivitets- og arbeidstilbod. Tilboden er ikkje produksjonsretta, men utfører aktivitetar som gir inntekt til vidareutvikling av senteret.

Det at det er mange som i ei periode eller meir permanent har behov for særleg tilrettelagt aktivitets-/arbeidstilbod fører til stor konkurranse om plassane både på TreMek og på Myra

Aktivitetssenter. I tillegg er det ei utfordring dersom for stor konsentrasjon av personar med tilsvarende problematikk vert samla på ein plass. Dette må takast omsyn til i tildeling av plassar.

TreMek og Myra Aktivitetssenter er viktige arena for mange, men der er ikkje rammer for å dekkje behovet til alle som treng særlege tilrettelagte aktivtets-/arbeidstilbod. Nokon har behov for den type tilbod for ei periode, og andre meir varig.

For mange er det ei utfordring å kunne gjere seg nytte av statlege og kommunale tilbod i andre kommunar t.d. i Molde. Dette både ut frå angstproblematikk knytt til bruk av offentleg kommunikasjonsmiddel m.a. ferje eller utfordringar knytt til rus som byar representerer.

Når det gjelds fritidsaktivitetar i kommunen er det eit aktivt og allsidig tilbod, særleg innan musikk og idrett. For dei unge som går i ungdomsskulen er det lagt til rette med rusfrie treffarena i 3 av bygdelaga, Fredagskaféar.

Eit fåtal av personane i målgruppa nyttar organiserte fritids-/kulturtilbod. Forklaringsar som vert gitt her er mellom anna at tilboda fell utanfor interesseområde eller at utfordringane kring sosial fungering og inkludering er for stor.

2.4 Bustadutviklinga i den ordinære marknaden

Utviklinga av folketal og aldersstruktur i kommunen vil vere viktige faktorar i etterspurnaden av bustader og byggeklare tomter. Aktiviteten i næringslivet er den faktoren som har størst innverknad på denne utviklinga, og dermed også bustadmarknaden. Som omtala i kap. 2.2 om utviklinga i næringslivet i kommunen, har det i fleire år vore stor mengde leigearbeidarar som har hatt arbeid knytt til skipsindustrien. Mange av dei har budd mellombels i kommunen. Dette har vore ei medverkande orsak til eit stort press på bustadmarknaden siste åra. Utviklinga i næringslivet har gjort at behovet for bustader til leigearbeidarar har minka.

Stor konkurranse på den private bustadmarknaden verkar å ha ført til relativt høgt prisnivå. Dette gjeld særleg sentrumsnære husvære egnar for 1-2 personar.

I tillegg har det dei siste åra vore ei viss endring i folks buvanar ved at stadig fleire vel eit alternativ til den tradisjonelle einebustaden. Dette gjeld både dei som går inn i bustadmarknaden for første gang og godt vaksne/eldre som sel einebustadane sine for å skaffe seg enklare og meir lettstelte leilegheiter. Siste åra og pr dd er det fleire private utbyggjarar og stor byggeaktivitet i dei sentrumsnære områda. Det vert bygd både små og store leilegheiter i rekkehus og ”blokker”.

Fleire i målgruppa bur i eigen bustad, bur hjå familie eller leiger på den private bustadmarknaden og får oppfølging med bistand for å meistre å bu.

Erfaring frå det kliniske arbeidet viser at mange har vanskar med å få leige private husvære. I eit lite lokalsamfunn vil vedkomande si betalingsevne og utfordringar knytt til rus og/eller psykisk helse som regel vere kjent for uteigar.

Vidare erfarer vi at fleire som leiger på den private marknaden er sårbar for å verte oppsagt grunna uønska åtferd i periodar eller manglende betaling av husleige. Dette er å kjenne igjen som eit generelt problem for personar i målgruppa og ikkje spesielt for vår kommune

2.5 Oppsummering

Prognosane viser at folketalet i kommunen vil auke til ca 6580 i 2015 og halde seg nokolunde uendra fram til 2020. Aldersstrukturen viser at talet på unge mellom 15–30 år vil vere om lag som i dag, og med høgste tala på ca 18 åringar og dei midt i 20 åra. For 2020 er aldersstrukturen meir utfleta. Ei prognose kan sjølv sagt vere usikker, og mest usikker for dei yngste.

Næringslivet har vore prega av permitteringar og ein del oppseiingar. Det er venta nye arbeidsplassar særleg innan bygg og anleggssbransjen knytt til bygging av Tresfjordbrua.

Ved naturleg avgang av personar med utviklingshemming, er det venta overtallige tilsette innan pleie- og omsorgstenestene. I tillegg er kommuneøkonomien prega av svært stramme rammer, som fører til færre stillingar og nedbemannning.

Kommunen har pr dato høg arbeidsløyse samanlikna med andre kommunar i fylket. Heile 33.6% av dei heilt utan arbeid i juli i år var under 30 år, og ca 33% av elevane i vidaregåande skule fullfører ikkje skulegangen.

Den ordinære arbeidsmarknaden vert nytta i nokon grad. Mange treng i ei periode eller meir permanent særlege tilrettelagte aktivitets-/arbeidstilbod. Dette fører til stor konkurranse om plassane både på TreMek AS og på Myra Aktivitetssenter. Det er ei utfordring å finne både egna tilbod og det manglar tilstrekkeleg tilrettelagte plassar ut frå etterspørsel og behov.

Det er mange fritids- og kulturtilbod i kommunen, men få i målgruppa nyttar dei.

Utviklinga generelt på bustadmarknaden kan seiast å vere positiv. Det er viktig med ein variert og velfungerande marknad som er tilpassa søkjrar i ulike livsfasar med varierande økonomi, ynskje og behov. Det er både einebustadar, leilegheiter og byggjeklare tomter til sal på marknaden. For dei aller fleste i målgruppa er ikkje denne bustadmarknaden innan økonomisk rekkevidde utan bruk av lånene- og støtteordningar frå det offentlege.

Det viser seg at mange i målgruppa har vanskar med å komme inn på den private bustadmarknaden. Vidare er fleire av dei som leiger på den private marknaden sårbar for å verte oppsagt grunna uønska åtferd i periodar eller manglende betaling av husleige.

3. Økonomiske verkemiddel

3.1 Dei økonomiske verkemidla til Husbanken

Ei bustadsosial handlingsplan skal gjere greie for dei økonomiske verkemidla til Husbanken. Ei oversikt er gjort i vedlegg 2. Meir informasjon om alle ordningane er tilgjengeleg på nettstaden til Husbanken, www.husbanken.no.

3.2 Prosjektmidlar

I tillegg til dei økonomiske verkemidla frå Husbanken, kan det søkjast tilskott frå t.d. Sosial-og Helsedirektoratet og Fylkesmannen. Dette både som tilskott til oppfølgingstenester og til t.d. for å utvikle metodar i tenestetilbodet.

3.3 Kommunen sin bruk av låne- og tilskottsordningar

3-3.1 Bruk av Husbanken sine verkemidlar

Bustønad

Frå 1. juli 2009 vart den statlege ordninga endra slik at nye husstandar kan ha rett til bustønad. I det bustadsosiale arbeidet vert det aktivt oppmoda til å søkje bustønad. I tillegg får dei som har behov for det bistand med søknaden. Dette i tett samarbeid med tilsett ved det kommunale bustønadkontoret.

I Vestnes var det i 2008 og 2009 i snitt 160 – 170 husstandar pr år som mottok bustønad. Tal på husstandar som mottek bustønad har gått ned 2 %, men kvar husstand mottek i snitt litt meir i kr.

Utbetaling i snitt pr husstand i 2008: kr. 14 490, totalt i kommunen kr. 2 405 494.

Utbetaling i snitt pr husstand i 2009: kr. 15 755, totalt i kommunen kr. 2 552 444.

Utbetalinga til kvar husstand varierer frå kr. 300 til 3 000 pr. mnd.

Det var ein forholdsvis stor nedgang i juli 2009 pga ny regelendring i Husbanken, der 19% av husstandane mista bustønaden. Grunna stor søknadsmasse etter regelverksendringa er det i dag omlag like mange som får utbetalt bustønad som tidlegare, dvs mellom 160 – 170 husstandar pr. år. Det er ca 12-15 nye søknadar kvar månad. Som hovudregel kan alle over 18 år søkje.

Startlån

Vestnes kommunestyre har i 2010 teke opp startlån i Husbanken pålydande kr. 1.000.000,- til vidaretildeling. Kommunen har hittil ikkje hatt tap på utlåna. Etterspurnaden etter låna er aukande og det er gitt 2 lån hittil i år. Ingen i målgruppa her har søkt startlån.

Fleire kan kjøpe ein eigen heim og kommunane kan spare pengar viss dei nyttar Husbanken si startlånonordning betre. Det er konklusjonane i ECON-rapporten ”[God praksis med startlån](#)”.

Rapporten syner dessutan at kommunane sjeldan tapar på å nytte startlånet. Tapa er få, og dei delast mellom stat og kommune. Kommunane kan dekkje sin del over eit fond som er bygd opp av statlege midlar.

Bustadtiskott

Som nemnt over stiller Husbanken krav om at kommunen har utarbeidd bustadsosial handlingsplan eller anna relevant planverk som inneholder kartlegging av bustadsosiale utfordringar og plan for løysing for å verte tildelt tilskott. Vestnes kommune har mangla bustadsosial handlingsplan. Kommunen søkte tilskottet tidlegare, men ikkje dei siste 3 åra.

Kompetansetiskott

Det er ikkje søkt om midlar til bustadsosial planlegging og gjennomføring av bustadsosial politikk

3.3.2 Andre verkemiddel som er nytta i tenestetilbodet

Kompetansehevingsmidlar

Det var søkt og motteke Kompetansehevingsmidlar frå Fylkesmannen, helse- og sosialavdelinga, med kr. 50 000 både i 2009 og 2010, sjå omtale i kap. 1.2.

Bruken av tildelte kompetansehevingsmidla gav ei god ramme for tverrfagleg og tverretatleg samarbeid. Ut frå den positive erfaringa bør denne type midlar søkjast på nytt om ordninga vert vidareført. Dette for å følje opp tiltak og vidareutvikle det samarbeidet som er påstarta.

Prosjektmidlar

Kommunen har oppretta spesifikk oppfølgingsteneste for personar med utfordringar kring rus/psykiatri/samansette behov, organisatorisk lagt til NAV. Dette gjeld 2 prosjektstillingar som i hovudsak er finansiert av statlege midlar. Begge prosjektstillingane er i utgangspunktet innvilga for 3 år, men det må søkjast årleg om midlar for vidareføring av stillingane.

Den eine er prosjektstilling for Bustadsosialt Arbeid, 100% stilling med fast tilsetting og oppstart november 2008. Kommunen dekkjer 25 % av stillinga ut frå tidlegare oppretta stilling i sosialtenesta. Den andre prosjektstillinga er oppretta med STYRK-midlar, 75 % stilling, Stillinga vart tiltreidd i oktober 2009 og er fullfinansiert av statlege midlar. Kommunen har ikkje inngått avtale om vidareføring av stillinga. Viser og til omtale i kap. 4.2.

I tillegg er kommunen innvilga prosjektmidlar til rusførebyggande arbeid for barn og unge, 75% stilling i BUT. Stillinga vert titredd i oktober 2010 med årsengasjement med mogleg forlenging inntil 3 år.

Føringar frå sentralt hald legg opp til etablering av prosjektarbeid. Dette vert lagt til rette ved utlysinga av prosjektmidlar og tilskott som kan nyttast for å utvikle og betre dei kommunale tenestene. Informasjonsinnhenting frå andre kommunar viser at mange kommunar har blitt tildelt

midlar til fleire ulike prosjekt som går over år og overlappar kvarandre. Dette kan vere viktige tilskott i ei tid med trøng kommuneøkonomi.

Som nemnt i kap. 1.2 har kommunen eit samarbeid med organisasjonen KREM vedr. nye prosjektsøknadar. Dette med tanke på prosjekt som kan vidareutvikle tenestene og til gjennomføring av tiltak i den bustadsosiale handlingsplanen. Dette mellom anna for utvikling av økonomi- og gjeldsrådgjeving (sjå avsnittet under) og for utprøving av trinnmodellar i tenesteytinga som omtala i kap. 6.5

Tiltak økonomi- og gjeldsrådgjeving.

Ei av arbeidsoppgåvene i NAV er økonomi- og gjeldsrådgjeving. Det er stor etterspørsel og behov for denne type teneste i kommunen. Mange treng hjelp i ein overgangsfase eller meir permanent for å kunne disponere økonomi, få til betalingsordningar eller med gjeldsproblematikk. Behovet for denne type bistand er større enn rettleiarane i NAV kan dekkje fullt ut.

Dei fleste i målgruppa for denne handlingsplanen har særlege store utfordringar kring økonomi og gjeldsproblematikk. Kommunen gjev også i enkelte høve depositumgaranti for at vedkomande skal kunne komme seg inn på bustadmarknaden.

For å kunne komme betre i møte den store etterspørsele og behovet for økonomi- og gjeldsrådgjeving, er det oppretta ein tiltakslass i NAV av statlege midlar der vedkomande har dette som arbeidsområde. Ut frå det store behovet mange av innbyggjarane har for økonomi- og gjeldsrådgjeving, er det planlagt å søke prosjektmidlar for å vidareutvikle denne tenesta.

Ei godt utvikla økonomi- og gjeldsrådgjevingsteneste vil verke positivt inn for den enkelte med å bli meir sjølvsendig økonomisk, auka evner til å bu og færre varslar/tiltak kring opphøyr av leigehøve. Vidare gjev dette betra kommuneøkonomi med færre utbetalingar av sosialbudsjettet og ved at kommunen kan få inn betalingar for t.d. husleige, barnehageplass og restansar i så måte.

3.4 Oppsummering

Kommunen har nytta Husbanken sine låne- og tilskuddsordningar i relativt liten grad. Dette med unntak av bustønad som i 2009 tilførte husstandar i kommunen vel 2,5 mill. kr. i 2009. Kommunen tok opp startlån på 1 mill. kr I 2010. med to utlån inneverande år. Mange andre kommunar nyttar Husbanken sine verkemidlar i langt større grad enn Vestnes kommune gjer. Det ligg her et potensial i å nytte statlege verkemiddel for å kunne yte betre tenester til målgruppa utan at det medfører stor risiko for auka kostnadene for kommunen.

Kommunen nyttar tilskott og prosjektmidlar for utvikling av tenestene for målgruppa. Føringer frå sentralt hald legg opp til å søkje prosjektmidlar. Kommunen har under arbeid fleire søknadar t.d. for vidareutvikling av økonomi- og gjeldsrådgjevingstenesta og for utvikling av andre tiltak og metodar i tenesteytinga. Prosjektarbeid er viktig å få på plass snarast mogleg som reiskap for både vidareutvikling og nyutvikling i tenestetilbodet for målgruppa.

I tillegg kan kommunen søkje både bustadtilskott og tilskott til gjennomføring av tiltak med grunnlag i vedteken bustadsosial handlingsplan.

4 Oppfølgingstenestene i kommunen for målgruppa.

Målgruppe for handlingsplanen er definert som:

Vanskelegstilte personar med utfordringar knytt til rus og/eller psykisk helse, som har behov for bustad og/eller bistand for å bu.

4.1 Det ordinære tenesteapparatet

Personar som har vanskar med å meistre eigen busituasjon kan også ha behov for bistand frå kommunehelsetenesta. I fylje Kommunehelsetenestelova § 1-3 første ledd skal kommunen si helseteneste blant anna omfatte behandling av sjukdom, skade eller lyte, medisinsk habilitering og rehabilitering og pleie og omsorg. Etter § 2-1 har einkvar rett til naudsynt helsehjelp i den kommunen vedkomande bur eller oppheld seg.

Det er tett samarbeid mellom legetenestene, oppfølgingstenestene og brukarane i behandlings- og medisinske tiltak. For enkelte har legesenteret dagleg oppfølging i høve medikamentutdeling og prøvetaking. Av dei ca 85 personane som får oppfølging av den spesifikke oppfølgingstenestene av psykiatrisk sjukepleiar og NAV, er det 6 personar som er tildelt heimehjelp og 9 personar som har anna teneste frå Heimetenesta t.d. hjelp til medikamenthandtering. Ein person i målgruppa som har oppfølging frå NAV har heimehjelp og ingen av dei nyttar tenester frå heimesjukepleien.

Heimetenesta fattar vedtak om hjelp til praktisk bistand i heimen, tenester frå heimesjukepleien og støttekontakt.

4.2 Den spesifikke oppfølgingstenesta for målgruppa

Psykiatritenesta.

Oppfølginga av vaksne personar med hovudproblematikk knytt til psykisk helse vert i hovudsak ytt av sjukepleiar med vidareutdanning i psykisk helsearbeid/psykiatri, 100% stilling i Heimetenesta med fast tilsetting.

Funksjon som koordinator for det psykiske helsearbeidet i kommunen og opp mot 2. linetenesta er lagt til stillinga. I tillegg rettleiar psykiatrisk sjukepleiar tilsette ved Myra Aktivitetssenter i tenesteytinga til enkeltbrukarar i målgruppa.

Det er også tett samarbeid mellom psykiatrisk sjukepleiar, personar i målgruppa og NAV, særleg i høve arbeidsretta tiltak og økonomi- og gjeldsrådgjeving. Personar som får oppfølging frå psykiatritenesta nyttar mellom anna tilbod ved Myra Aktivitetssenter og TreMek AS.

I tillegg er fastlege, familierettleiar i 20 % stilling og delar av psykologressurs i BUT knytt til psykiatritenesta.

Barne- og ungdomstenestene (BUT).

Kommunen har fått innvilga prosjektmidlar til rusførebyggande arbeid for barn og unge, 75 % stilling. Kommunen har ikkje gjort avtale om vidareføring av stillinga.

Stillinga er tiltreidd i oktober 2010. med årsengasjement med mogleg forlenging inntil 3 år.

I tillegg yter andre tilsette i BUT oppfølgingstenester til unge i målgruppa som tilsett familierettleiar i 20 % stilling, barneverntenesta, helsestasjon for unge , PPT og psykolog.

NAV- Vestnes

NAV er som kjent ein etat som er organisert og finansiert etter ein fordelingsnøkkel mellom stat og kommune.

Alle tilsette i NAV har eit generelt oppfølgingsansvar og dei aller fleste i målgruppa har tildelt ein rettleiar som følgjer opp både kommunale og statlege tiltak.

I tillegg er der oppretta spesifikk oppfølgingsteneste for personar med utfordringar knytt til ring rus/psykiatri/samansette behov. Dette gjeld 2 prosjektstillingar:..

Den eine stillinga som koordinator for Bustadsosialt Arbeid, 100% stilling med oppstart november 2008. Kommunen dekkjer 25 % av stillinga ut frå tidlegare oppretta stilling i sosialtenesta. Koordinator har fagbakgrunn som vernepleiar med vidareutdanning i psykisk helsearbeid/ psykiatri og har fast tilsetting i kommunen.

Den andre prosjektstillinga er oppretta med STYRK-midlar, 75 % stilling, knytt opp mot prosjektet Bustadsosialt arbeid. Stillinga vart tiltreidd i oktober 2009 og er fullfinansiert av statlege midlar. Kommunen har ikkje inngått avtale om vidareføring av stillinga. Den tilsette har fagbakgrunn i spesialpedagogikk.

Begge prosjektstillingane er i utgangspunktet innvilga for 3 år, men det må søkjast årleg om midlar for vidareføring av stillingane.

Til stillinga som koordinator for Bustadsosialt arbeid er det lagt funksjon som rettleiar knytt til Myra Aktivitetssenter, koordinator for det interne rusrarbeidet og opp mot spesialisthelsetenesta. Koordinator er prosjektekleiar for denne handlingsplanen

Dei to tilsette i den spesifikke oppfølgingstenesta i NAV har lett tilgang til kompetansen til dei andre rettleiarane der. Arbeidet vert gjennomført i tett fagleg teamsamarbeid og tverrfaglege drøftingar med den aktuelle rettleiar for den enkelte i målgruppa. Særleg viktig her er den tilgangen det gir med omsyn til oppfølgingsverktøy og verkemiddel som er lagt til NAV.

Det tette teamarbeidet og informasjonstilgangen i NAV er av vesentleg i arbeidet med å finne eigna tiltak for den enkelte, både statlege og kommunale verkemidlar. Dette for å sikre den enkelte sin økonomi, tiltak i rehabiliteringsfasar og opp mot arbeid og aktivitet.

Myra aktivitetssenter

Aktivitetssenteret er organisatorisk lagt til NAV.

Der er 3 stillingsheimlar, ei 100 % stilling og to 50 % stillingar, sjå omtale om Myra Aktivitetssenter i kap. 2.3

Det er faste interne samarbeidsmøter både mellom Myra Aktivitetssenter, Nav og psykiatrisk sjukepleiar. Dette både knytt til tiltak for enkeltpersonar og for drift og vidareutvikling av tilbodet.

Tildelingsnemnda for kommunale bustadar

Nemnda har fire medlemmar der alle er medlemmar i prosjektgruppa for den bustadsosiale handlingsplanen, sjå òg omtale i kap. 6.1.

Økonomi- og gjeldsrådgjeving

Den kommunale økonomi-og gjeldsrådgjevingstesta er lagt til NAV. I tillegg til den tenesta er det oppretta mellombels tiltaks plass med arbeidsfeltet økonomi- og gjeldsrådgjeving. Det er stor etterspørsel og behov for økonomi- og gjeldsrådgjeving for personane i målgruppa.

Ekstraressursen med tiltaket er oppretta for å kunne gi ei kvalitativ betre teneste med at ein person spesialiserer seg på feltet. I tillegg har denne personen dette som einarbeidsområde og kan følgje opp fleire og gi tettare oppfølging enn dei andre rettleiarane i NAV har høve til. Viser elles til omtale om tiltaket i kap. 3.3.2.

Mange har oppfølgingsbehov

Hovudtyngda av oppfølginga av vaksne personane i målgruppa vert utført av den spesifikke oppfølgingstenesta av to prosjektstillingane i NAV og av Heimetenesta v/psykiatrisk sjukepleiar. Totalt er det ca 85 personar som p.t. har oppfølging frå desse to tenestene.

Talet på personar som får/har fått oppfølging av den spesifikke tenesta i NAV er ca 60 personar, derav 35 personar med uttalte utfordringar knytt til rus. Kartlegging i mars 2010 viser at det er 87 personar i kommunen som er kjent nyttar illegale rusmidlar. Viser til kartlegging i kap. 5. Heimetenestene v/psykiatrisk sjukepleiar yter tenester til 32 personar der hovudproblematikken er knytt til psykisk helse.

Sentralt lovverk

Lov om sosiale tenester er sentralt lovverk både i Heimetenesta og i NAV, sjå òg kap. 1.3.

Den gamle organiseringa med sosialkontor er som kjent innlemma i NAV. Oppfølgingstenesta i NAV har etter Sosialtenestelova § 6: "Særlege tiltak for rusmiddelmisbrukere" ansvar for å tilvise til behandlingstiltak med oppfølging både før, under og etter behandlingstiltaket. Lovverket ilegg

også kommunen plikt til å vurdere og å fatte vedtak om bruk av tvang for innlegging i institusjon i gitte situasjoner.

Frå oppstart av prosjektet Bustadsosialt Arbeid i nov. 2008 og fram til dd har 14 personar teke mot langtidsbehandling i rusinstitusjon med heildøgnstilbod. Enkelte har hatt fleire behandlingsopphald. I tillegg er det fleire som er tilvist spesialisthelsetenesta for langtidsbehandling og ventar på behandlingsplass. Andre har lagt fram ynskje om å verte tilvist den type behandling. Det er og vurdert bruk av tvang ved fleire høve. Mange i målgruppa er tilvist og får poliklinisk behandling i 2.linetenestabåde for rus og/eller psykisk lidinger.

Opptrappingsplanen for rusfeltet (2007-2010) er sentral for oppfølgingsarbeidet og vart avløyst av Opptrappingsplanen for psykisk helsearbeid. Det overordna målet i opptrappingsplanen for rus er å redusere dei negative konsekvensane som rusmiddelmisbruk har for enkeltpersonar og for samfunnet. Dette gjennom hovudmål som : tydelegare folkehelseperspektiv, betre kvalitet og økt kompetanse, meir tilgjengelige tenester og økt sosial inkludering, meir forpliktande samhandling og auka brukarinnverknad, og betre ivaretaking av barn og pårørande.

Målgruppe med svært ulike og varierte oppfølgingsbehov

Personane i målgruppa har store variasjon i oppfølgingsbehov. Det gjer at det og er stor forskjellar i kor tett oppfølging er til ulike tider. Dette er ei utfordring for personar i målgruppa og for oppfølgingstenestene. Det vert for knappe ressursar for å gi den oppfølginga det er behov for både i 1. og 2 linetenestene. Det er òg ei stor utfordring for å få adekvat behandlingstilbod innan rimeleg tid. Vestnes kommune har ikkje heildøgnstilbod eller tilbod på kveld og helg tiltenkt spesielt for målgruppa.

Det er lange ventelister i spesialisthelsetenesta både innan rus- og psykiatritenesta. Dette gjeld både poliklinisk behandling eller kort- og langtidsbehandling med heildøgnstilbod. Det viser det seg vanskeleg å få akuttplass når det er behov for det både innan rusføretaket og psykisk helsevern. Dette har gitt seg særleg utslag for personar med rushistorikk som vert avvist eller utskrevet svært kjapt. Vidare er erfaringa at det er for tette skott mellom rus- og psykiatritenesta på 2.linjenivå.

Enkelte har behov for døgnkontinuerleg oppfølging i kortare eller lengre tidsrom.På noverande tidspunkt er det usikkert kva innføringa av Samhandlingsreforma vil få å seie for tilbodet til personar i målgruppa. Samarbeidet med spesialisthelsetenesta er viktig for den samla livssituasjonen for personane. Frå sentralt hald er det oppmoda til interkommunalt samarbeid.

Molde kommune har etablert tilbod i rustenesta som kommunen kan nytte. Eit gruppebasert tilbod på kveld og helg over 8 veker og inntil 1 år. Det er ikkje kjent at nokon frå vår kommune har nytta tilboden. Det kan ha samanheng med at tilboden er relativt nytt og lite kjent. I tillegg er det som tidlegare nemnt ei utfordring for mange å nytte tilbod t.d. i Molde grunna angstproblematikk og rusutfordringar.

Stabile butilhøve er heilt naudsynt og sentralt i rehabilitering av rusavhengige og for personar med utfordringar knytt til psykisk helse. Det er krevjande å finne egna bustadtilbod, både kommunale og private, sjå kap.6.

Samla sett fører situasjonar som nemnt over til ekstra store utfordringar for den enkelte, for det kommunale tenesteapparatet og for lokalmiljøet. Vi ser at dette er personar som nærmiljøet har vanskeleg for å ta imot og integrere. Derfor opplever dei gjerne utstøytingsmekanismar frå nærmiljøet. For at vanskelegstilte personar skal få ein sjanse til å etablere seg i eigen bustad, må det i starten oftast skje via eit kommunalt målretta tilrettelagt tilbod.

Resultat av oppføljinga viser gevinst både på individ- og systemnivå. Omfanget og behovet for oppfølging av personar i målgruppa viser seg å vere stor både i dag og fram i tid.

Mange får betra livskvalitet ved oppføljing som fører til behandling, ein aktiv rehabiliteringsprosess, betra økonomi og ulike kvalifiseringstiltak med aktivitets- og arbeidstilbod. Sosialbudsjettet i Vestnes kommune viser ei innsparing i motsetnad til fleire andre kommunar som har hatt store overforbruk siste året. Ei orsak til dette er resultat etter tett oppfølgingsarbeid

Mange i målgruppa har ikkje lenger har sosialstønad som grunnlag til livsopphald, men er i aktivitet som gir grunnlag for Kvalifiseringsstønad som inntekt eller andre statlege stønadsordningar.

Arbeidsformer

Den spesifikke oppfølgingstenesta vert utført både som ambulant teneste og i samtalerom ut frå problematikk, behov og ynskje.

Psykiatrisk sjukepleiar og koordinator for bustadsosialt arbeid har faste samarbeidsmøter. Det lokale NAV-kontoret skal være den samlande kontaktstaden i dagens tredelede forvaltning slik at brukarane får ein stad å vende seg. Personar i målgruppa gir tilbakemelding om at dei opplever det enklare å oppsøke tenestene: ”når det er ei dør alle brukar eller om den var merka ”Rus og psykiatri”.

Sentrale samarbeidsforum og samarbeidspartar

Det er oppretta ulike tverrfaglege og tverretatlege samsamarbeidsfora både internt og eksternt.

I kommunen er det oppretta samarbeidsforum knytt til målgruppa som: Psykiatrisamråd med medlemmar frå BUT (frå PPT og Barneverntenesta), Familierettleiar, Psykiatrisk sjukepleiar og Koordinator for bustadsosialt arbeid. Vidare er det oppretta samarbeidsforum mellom Politiet, BUT og NAV. Det er tett samarbeid både med Myra Aktivitetsenter, TreMek As og fastlegar i enkelsaker. Mellom legesenteret og Nav er det møter kvart kvartal. Det er oppretta Brukarforum i NAV .Tildelingsnemnda for ikkje øyremerka bustadar er viktig arena for samarbeidet ved bustadbehov.

Barneverntenesta har fleire som takkar nei til tilbod om forlenga barnevædtak etter fylte 18 år. Dette er unge som er i risikogruppe eller alt har utfordringar kring rus og/eller psykisk helse, ofte med mangelfull buevne og utan eiga inntekt. Det er gjort avtale mellom barneverntenesta og Nav om

samarbeid frå den unge er 17 år dersom det er forventa behov for kommunal bistand for å skaffe bustad eller/og å bu.

Som eksterne samarbeidspartar er dei ulike behandlingsinstansane innan Rusføretaket og Psykisk helsevern sentrale. Dette gjeld både poliklinisk behandling og institusjonsbehandling. Vidare er Kriminalomsorga sentral ved enkeltsaker. Kommunen har representantar som deltek i nettverksarbeid i regi av fylkesmannen knytt både til rus og psykisk helse.

4.3 Oppsummering

Mange av personane i målgruppa er flittige brukarar av enkelte tenester i det ordinære tenestetilbodet i kommunen, særleg frå legesenteret. Hovudtyngda av oppfølginga av vaksne i målgruppa vert utført av den spesifikke oppfølgingstenesta dvs dei to prosjektstillingane i NAV og av Heimetenesta v/psykiatrisk sjukepleiarar, ca 85 personar. Det er få av dei 85 personane som har tenester frå heimesjukepleien eller har heimehjelp.

Dei fleste i målgruppa har tildelt ein rettleiar i NAV frå den ordinære oppfølgingstenesta. Det er tett samarbeid mellom rettleiarane og dei to i prosjektstillingane i NAV. Særleg viktig her er dei tverrfaglege drøftingane og den tilgangen samorganiseringa gir til kompetansen som er i NAV med omsyn til oppfølgingsverkty og verkemiddel som kan settast inn for personar i målgruppa.

Det er stor variasjon i oppfølgingsbehova i målgruppa. Nokon treng oppfølgingssamtalar, andre har behov for døgnkontinuerleg behandling og oppfølging for kortare eller lengre periodar. Dette er ei utfordring for personar i målgruppa og for oppfølgingstenestene. Det er for knappe ressursar for å gi den oppfølginga det er behov for både i 1. og 2 linetenestene. Det gjer at det er vanskar med å få adekvat behandlingstilbod innan rimeleg tid. Det er lange ventelister og vanskar med å få akuttplassar, både innan rusføretaket og psykisk helsevern. Særleg mange rusavhengige har blitt tilvist tverrfagleg spesialisert behandling i institusjon. Personar med rushistorikk med psykiske vanskar opplever å verte avvist av psykisk helsevern og vist til rusbehandling.

Vestnes kommune har ikkje heildøgnstilbod eller tilbod på kveld og helg tiltenkt spesielt for målgruppa. Frå sentralt hold vert det oppmoda til interkommunalt samarbeid. Det er usikkert kva innføring av Samhandlingsreforma vil få å seier for målgruppa. Det er oppretta tverrfaglege og tverretatlege kommunale samarbeidsfora i tillegg til eksterne fora på individ og systemnivå.

I tillegg til som nemnt over viser det seg krevjande å finne egna bustadttilbod for mange i målgruppa, sjå kap.6. Stabile butilhøve er heilt naudsynt og sentralt i ein rehabiliteringsfase og for å dekkje grunnleggjande behov både på kort og lang sikt. Samla sett fører situasjonar som nemnt over til ekstra store utfordringar for den enkelte, for det kommunale tenesteapparatet og for lokalmiljøet.

Kommunen har eit lovpålagt ansvar for å gi eit forsvarleg tilbod til målgruppa. Det er i dag tre prosjektstillingar knytt til oppfølginga av personar i målgruppa, to i NAV og ei i BUT, som er mellombels prosjekt. Berre ei i stillingane har fast tilsetting. I tillegg er det oppretta mellombels tiltaksplass i NAV med arbeidsfeltet økonomi- og gjeldsrådgjeving. Svært mange i målgruppa etterspør og har behov for denne tenesta. Ekstraressursen er oppretta for å kunne gi ei kvalitativ betre teneste og for at fleire kan få tettare oppfølging enn dei andre rettleiarane i NAV har høve til. Det er stort behov for oppfølgingsteneste både i dag og i framtida.

De er positive resultat frå oppfølginga både på individ og systemnivå. Mange personar har fått betra livskvalitet, helse og økonomi. Kommune har fått innsparing på sosialbudsjettet.

5. Kartlegging av vanskelegstilte i målgruppa

5.1 Oppfølgingstenester for vaksne i målgruppa

Viser til omtale i kap. 1.2 om planprosessen og innhenting av informasjon om målgruppa.

Hovudvekta av oppfølginga for vaksne med utfordringar knytt til rus og/eller psykisk helse vert utført av den spesifikke oppfølgingstenestene i NAV og av psykiatrisk sjukepleiar. Totalt er det ca 85 personar i målgruppa som har oppfølging av desse tenestene i dag.

Talet på personar som har oppfølging frå den spesifikke tenesta i NAV er ca 60 personar derav 35 personar med utfordringar knytt til rus. Heimetenestene v/psykiatrisk sjukepleiar yter tenester til 32 personar der hovudproblematikken er knytt til psykisk helse. Det er stor variasjon i kva type oppfølging og i kva omfang behov er til ei kvar tid.

5.2 Mange er registrert med bruk av illegale rusmidlar

Det vart gjort ei grovkartlegging i mars 2010 for å få ca tal på personar i kommunen som har utfordringar kring rus. Personar med hovudutfordring kring psykisk helse var ikkje innlemma i den kartlegginga. Orsak til dette er at den gruppa ikkje var spesifikt innlemma i målgruppa for handlingsplanen på det tidspunkt.

Det er vanskeleg å finne sikre tal då mykje av bruken av rusmidlar ikkje er kjent for tenesteytarane. Vidare kan det vere vanskelege grensegangar når og om bruken av rusmidlar er blitt ei utfordring og hinder i livet for vedkomande. Mange har ein kombinasjonsbruk av alkohol og andre rusmidlar. I kartlegginga var det lagt mest vekt på å få fram omfanget kring illegale rusmidlar. Både politiet, legesenteret, barneverntenesta, NAV og brukarrepresentantar har gitt informasjon i kartlegginga.

RUS: Kartlegging mars 2010 av personar som nyttar illegale rusmidlar.						
Alder	Under 15 år	15-18 år	18-23år	23 – 30 år	Over 30 år	Totalt
Veit om	8 pers.	9 pers.	10 pers.	15 pers.	45 pers.	87 pers.
Mistanke om	10-20 pers.	10-20 pers.	10-20 pers.	25 pers.	10-20 pers.	Maks tal 105 pers.

Kartlegginga viser at det erkjent at ca 87 personar i kommunen brukar illegale rusmidlar. Dette er urovekkjande særleg når ein ser at tala inkluderar 8 personar under 15 år, 9 personar mellom 15-18 år og 10 personar mellom 18 og 23 år. Registreringa viser at det er kjent at 42 personar under 30 år nyttar illegale rusmidlar.

Det totale talet på 87 personar er samanlagt sum frå alle registreringane med dei høgste skåra i kvar aldersinndeling. Kartlegginga var ei grovkartlegging og i tala kan der vere feilkilder. Ein

brukarrepresentant opplyser at han veit om minst 70 personar som brukar illegale rusmidlar. Fleire av dei som deltok i kartegginga opplyser tal +/- 60 personar som er kjent for tenesteapparatet at dei brukar illegale rusmidlar.

Barneverntenesta opplyste å ha aktive saker knytt til 26 av personane, og NAV til 35 av personane (anonymisering i kartlegginga kan gjere at det evt. er noko overlapp tala).

Legetenesta opplyst at dei er i dagleg kontakt med rusavhengige personar. I seminara /kompetansehevingstiltaka som var avvikla hausten 2009 og vår 2010 (sjå kap. 1.2), kom det fram bekymring kring utviklinga av nye rusmiljø blant unge og at det viser seg at fleire unge jenter også tek i bruk illegale rusmidlar.

5.3 Usikre tal om bustadbehov for personar i målgruppa

Grensegangane er flytande for kven som skal reknast med i målgruppa for denne handlingsplanen. Dette særleg ut frå kva omgrepet psykisk helse kan omfatte og til mørketal Tala her er henta frå det kliniske arbeidet i Nav og hjå psykiatrisk sjukepleiar og frå deltaking i tildelingsnemnda. Det er ikkje gjort eiga kartlegging i kommunen for å få meir eksakte tal på behovet for bustad for personar i målgruppa..

Bustadbehov for personar som p.t. vert følt opp av den spesifikke oppfølgingstenesta

Hovud-problematikk	Har kommunal bustad	Behov for anna bustad, bur i kommunal bustad	Utan bustad	Kortsiktig communal avtale	Kjent framtidig behov	Usikkert om får leige / behalde privat
Rus	10	5	3	0	1	1
Psykiatri	8	0	0	1	2	1
Til saman	18	5	3	1	3	2

3 personar utan eigen bustad er i alderen 20 – 27 år.

Eksempel på personar som *ikkje* er rekna inn i målgruppa og tal som vist til over:

I tillegg til tal som er nemnt i tabellen her er fleire vurdert å ha eit behov for communal bistand for å skaffe varig/livslangt butilbod grunna sjukdom, skade, "lyte", sosiale eller andre spesifikke grunnar. Det er vurdert at minst 5-6 personar av dei har communal bustad i dag.

Vidare til tala over. Det er kjent at 7 vankelegstilte personar pr dato bur hjå pårørande og får oppfølging av dei for å meistre bu- og livssituasjonen. Av dei har 2 søkt communal bustad. For 5 andre er framtidig bistand og bustadbehov uavklara.

Tala over viser at det er mange av dei i målgruppa som vert følgt som har behov for kommunalt husvære. Dersom ein slår saman tala for dei som er utan bustad, har kortsiktig leigeavtale og dei som er usikkert om får leige eller behalde privat husvære vert det 6 personar. Det er det kjent at 3 personar har framtidig behov for bustad. I tillegg kjem dei som alt har kommunal bustad av dei som har oppfølging frå psykiatrisk sjukepleiar og av NAV, 18 personar.

Til saman viser tala i det kliniske arbeidet at 25 -27 personar, som har oppfølging av psykiatrisk sjukepleiar og av NAV, har communal bustad eller kan ha behov for bustad.

Vidare er det 5 av dei 18 som har communal bustad som har signalisert behov for anna bustad. Viser til avsnittet under vedr. usikre tal for bustadbehov.

Ustabile tal mellom anna grunna mange flyttingar

Erfaring frå eigen kommune og andre kommunar viser også at det skjer hyppige flyttingar mellom kommunar, særleg dei som er rusavhengige. Eit eksempel på det kan vere at inneverande år har 6 personar, som hadde behov for bistand for å bu, flytta til anna kommune.

Det viser seg og at det er knytt usikkerheit til kvar den enkelte vil busette seg etter langtids institusjonsopphald. Fleire av dei som er/har vore i langtidsbehandling i institusjon busett seg i anna kommune.

Pr. august 2010 er 6 personar i langtidsbehandling i institusjon der; to er utan bustad og har planer om å flytte tilbake til kommunen, ein er usikker kva kommune han skal busette seg i, ein person er under etablering i anna kommune og to personar leiger på den private bustadmarknaden.

Vi erfarar også at nokre avbryt planlagt langtidsbehandling i institusjon og har behov for bustad innan kort tid. Vi ser også at dei som har/har hatt store utfordringar knytt til rus og/eller psykisk helse har problem med å skaffe seg bustad.

Dette kan vere orsakar til ustabile tal over kor mange i målgruppa som har behov for bustad, både meir varige bustadtilbod og akutte behov for mellombels bustadar.

Tidleg avklaring for betre og meir målretta planlegging

Det er òg usikre tal om framtidige bustad og/eller oppfølgingsbehov mellom anna for vaksne personane som i dag bur hjå pårørande og får bistand av dei for å bu, sjå tabell over.

For å kunne legge til rette for meir langsiktig planlegging både for kommunen og den enkelte, bør det gjerast kartlegging for å avdekke behov for communal bistand på eit så tidleg tidspunkt som mogleg. Dette òg for evt. å finne alternative bustadløysingar i staden for ”varig” communal bustad.

5.4 Oppsummering

Hovudvekta av oppfølginga for vaksne med utfordringar knytt til rus og/eller psykisk helse vert utført av den spesifikke oppfølgingstenestene i NAV og av psykiatrisk sjukepleiar i heimetenesta. Totalt er det ca 85 personar i målgruppa som har oppfølging av desse tenestene i dag.

Grovkartlegging i mars 2010 viser at det er kjent at 87 personar nyttar illegale rusmidlar. Registreringa viser at av dei er 42 personar under 30 år, og derav 17 personar under 18 år som nyttar illegal rusmidlar. Barneverntenesta opplyser å ha aktive saker knytt til 26 av personane.

Til saman viser tala i det kliniske arbeidet at 25-27 personar i målgruppa, som har oppfølging av psykiatrisk sjukepleiar og NAV i dag, har kommunal bustad eller kan ha behov for bustad. I dag er det tre personar utan eigen bustad. Det er ikkje gjort anna spesifikk kartlegging av bustadbehov.

Grensegangane er flytande i definisjonen av omgrepet psykisk helse og kven det skal innlemme, dvs kven skal reknast med i oversikta over bustadbehov og i målgruppa for handlingsplanen. Eksempel på personar som *ikke* er rekna inn i målgruppa og tal som vist til over: Fleire er vurdert å ha eit behov for kommunal bistand for å skaffe varig/livslangt butilbod grunna sjukdom, skade, "lyte", sosiale eller andre spesifikke grunnar. Det er vurdert at minst 5-6 personar av dei har kommunal bustad i dag. Vidare er det kjent at 7 vankelegstilte personar pr dato bur hjå pårørande og får oppfølging av dei for å meistre bu- og livssituasjonen. Av dei har 2 søkt kommunal bustad. For dei 5 andre er framtidig bistand og bustadbehov uavklara.

Erfaring frå eigen kommune og andre kommunar viser også at det skjer hyppige flyttingar til/frå kommunar, særleg blant dei som er rusavhengige. Nokre personar avbryt planlagt langtidsbehandling i institusjon.. Vi ser også at dei som har/har hatt store utfordringar knytt til rus og/eller psykisk helse er sårbare på den private leigemarknaden. For enkelte fører dette til at dei står utan bustad og har behov for det på kort varsel.

Samla fører dette til usikre tal for kor mange som til ei kvar tid har behov bustad og/eller oppfølging. Mange i målgruppa har behov for bistand for å skaffe og behalde "varig" bustad. I planlegginga av tenestetilboda må det takast omsyn til at det er usikre og varierande tal på personar som har behov for kommunale tenester, både på kort og lang sikt,

For å kunne legge til rette for meir langsiktig planlegging både for kommunen og den enkelte, bør det gjerast ei kartlegging for å avdekke behov for kommunal bistand på eit så tidleg tidspunkt som mogleg, Dette òg for evt. å finne alternative bustadløysingar til "varig" communal bustad.

6. Den kommunale bustadmassen og nyttinga av denne

6.1 Organisering av bustadoppgåver

Tildeling av institusjonsplassar og omsorgsbustadar vert gjort i eige fagråd i pleie- og omsorgsetaten. Tildeling av bustadar av den øvrige bustadmassen skjer i eiga tildelingsnemnd.

Kommunen har tilsette med arbeidsoppgåver spesielt knytt til bustadforvaltning, søknad om bustønad, innkrevjing av betaling og legge til rette betalingsordningar. Tekniske tenester har ansvar for vedlikehald av den kommunale bustadmassen.

Kommunen har stor communal bygningsmasse for personar med utviklingshemming som vil verte ledige etter naturleg fråfall. Kommunen si økonomiplan for 2010 – 2013 og driftsbudsjettet for 2010 føreset sal av kommunale eigedomar grunna svært knappe rammer i kommuneøkonomien.

Det er oppnemnt eiga gruppe som skal vurdere alternativ for gjenbruk av husværa etablert for personar med utviklingshemming. Prosjektgruppa for bustadsosiale handlingsplan er bede om å vurdere gjenbruk av desse husværa. Ei administrativ arbeidsgruppe har i oppdrag å vurdere og komme med framlegg til kva kommunale eigedomar ein rår til vert selt. Nokre kommunale bustadar er alt selt, andre ligg ute for sal eller er planlagt lagt ut for sal i nær framtid.

Tildelingsnemnda sine oppgåver

Søknad om bustad vert sendt til bustad- og eigedomskontoret. Sakshandsamar der kallar inn til møte for tildeling, sender ut tildelingsbrev og har kontakt med søkerane. Det er ikkje sett opp faste møtetider for tildeling. Ettersom tildeling av bustader skal vere i tråd med Forvaltningslova, bør rutinane her sjåast på.

Tildelinga av bustadane skjer etter retningsliner utarbeidd i 1992. Dei fleste av bustadane vert tildelt personar som har vanskar med å etablere seg i den ordinære bustadmarknaden ut frå vurderinga av behov, sosiale høve m.m. Søkjaren sin økonomiske situasjon vert i utgangspunktet lagt lite vekt på.

Siste åra har det gjennomsnittleg vore 43 søknadar pr år om leige av kommunale bustadar.

Innbetaling av husleige

Dei fleste betaler husleiga punktleg, nokon betaler for seint og andre igjen betaler ikkje.

Kommunen har relativt store summar uteståande grunna manglande innbetaling av husleige. Det vert prøvd på å få i stand frivillige betalingsavtalar for løpende husleige og husleigegjeld.

For enkelte vert dette gjort med direkte trekk ved lønsutbetaling, andre med at bustønaden vert utbetalet direkte til kommunen og/eller ved trekk i trygdeutbetalinga. Paragraf 17 i Lov om Den

Norske Stats Husbank omtalar vilkår for overdraging av bustønad til kommunalt mynde. I enkelte høve kan det vere grunnlag for tvungen forvaltning etter Folketrygdlova § 22-6.

Det er lagt inn endring i rutinar ved manglande innbetaling av husleige.

Dette ved at det på eit tidleg stadium vert sendt ut brev til vedkomande og der ein ber om at dei tek kontakt med økonomi- og rekneskapskontoret for å gjere betalingsavtale. Vidare vert vedkomande oppfordra til å ta kontakt med NAV om dei har betalingsvanskar.

Mange i målgruppa har både svak økonomi og økonomistyring med behov for økonomi- og gjeldsrådgjeving. I mange tilfeller er det eit tidkrevjande forarbeid før ein får til betalingsordningar t.d. for husleige. Ved enkelte høve vert det gjort avtalar om at kommunen avventar å sende utesståande beløp til inkasso for å unngå at store gebyr kjem i tillegg til opparbeida gjeld. Dette ut frå ei heilskapleg økonomisk tenking; då større gjeld kan forverre betalingsevna til vedkomande og kan føre til negativ økonomi for kommunen med auka utbetaling frå sosialbudsjetten til husleige og livsopphald.

Legetid

Husværet vert vanlegvis tildelt for 3 år. Det kan verte gitt utvida legetid for 1 år om gongen. Det viser seg at mange av dei som bur i husvære ber om forlenga legetid ut over dei 3 åra.

Enkelte husvære vert bundne opp over fleire år enn kva som i utgangspunktet er tenkt og dermed vert færre bustadar ledige til andre vanskelegstilte på bustadmarknaden. Dette kan ha ulike orsakar t.d. at legetakar for ei periode er komne i ein spesielt vanskeleg livssituasjon, at vedkomande ikkje kjem seg inn på anna bustadmarknad grunna økonomiske vanskar eller meir varige utfordringar knytt til sjukdom, skade, "lyte", sosiale eller andre spesifikke grunnar. Fleire av dei som alt har kommunal bustad er vurdert å ha behov for bistand til å skaffe seg varig bustad og for å behalde bustaden. Dette gjeld 5 – 6 personar som ikkje er definert inn i den bustadsosiale handlingsplanen og oversikta over bustadbehov.

Varsel om utkasting frå husvære

Det vert gjennomsnittleg sendt ut 3-4 varsel pr år om utkasting.

I enkelte høve vert varsel om utkasting ikkje sendt ut. Dette ut frå vurdering at vedkomande er definert som so vanskelegstilt at kommunen har plikt til å bidra å skaffe nytt husvære og ikkje ser å ha anna eigna bustad å tilby.

6.2 Bustadar for bestemte målgrupper

Omsorgsbustadar og institusjonsbygg/plassar

Kommunen er eigar av omsorgsbustadar og institusjonsbygg som er øyremerka bestemte grupper av innbyggjarane. Dette gjeld Vestnes sjukeheim, Tresfjord trygdeheim, Hellandtun med 2 einingar for senil demente, Ivartun (sjukeheim for personar med utviklingshemming), 32 omsorgsbustadar med heildøgns omsorg og 6 bustadar bygd for personar med psykiske lidingar.

Bustadar bygd for personar med psykiske vanskår

Bustadane knytt til aktivitetsbygget, tidlegare kalla ”psykiatribustadar”, er tenkt nytta til personar som ikkje har store psykiske vanskår eller utfordringar knytt til rus.

Dette med omsyn til at bustadane fysisk er knytt til andre omsorgsbustadar og sjukeheimen. Avgjerda er gjort for å unngå at personar med periodevis ustabil åtferd skal skape uro for dei andre bebruarane.

Bustadane i dag nytta for personar med utviklingshemming

Vestnes kommunen har relativt mange innbyggjarar med hovuddiagnose utviklingshemming. Dette har samanheng med avviklinga av sentralinstitusjonen innan helsevernet for utviklingshemma (HVPU), Hellandheimen. Kommunen både bygde og renoverte mange bueiningar knytt til Ansvarsreforma. Etter naturleg fråfall har det alt vore overskytande leilegheiter av denne bustadmassen, og i framtida vil det gradvis gi ledige husvære. Som nemnt so er prosjektgruppa for denne handlingsplanen bede om å vurdere om noko av bustadmassen etter Ansvarsreforma kan nyttast for målgruppa.

Noko av dei fristilte bueiningane er selt på den opne marknaden, andre er omdefinert til bruk for eldre med oppfølgingsbehov. Med unntak av to bustadkompleksa (Plassen og Liaråket), ligg resterande av denne bustadmassen sentrumsnært kring gamle Hellandheimområdet, (radius 1 km).

Denne bustadmassen består av 11 samlokaliserte bustadeiningar á 4 - 9 separate bueiningar, i tillegg personalbasar. Bueiningane er p.t. uteigd. Prognosene er at 2-3 bustadar pr år kan verte ledige etter naturleg fråfall. Denne bustadmassen ligg geografisk nært knytt til bustadar/institusjonar som nemnt over som øyremerka til bestemte grupper av innbyggjarane.

6.3 Den øvrige bustadmassen

Sjå vedlegg 3 for oversikt over bustadmassen, geografisk plassering og planlagt sal m.m.

I tillegg til dei samlokaliserte bueiningane som nemnt over var etablert for personar med utviklingshemming, tok kommunen over tre hybelhus som var bygd for uteigje til tilsette. Hybelhusa er geografisk knytt til gamle Hellandheimområdet, (Gulhuset, Rødhuset og Brunhuset). Gulhuset er ikkje nytta til bustadformål siste åra og er seld. Hybelhusa er over to etasjar og inneheld hybelleilegheiter og hyblar med felleskjøkken.

Hybelhusa har dårlig bustandard ut frå dagens norm. Rødhuset og Brunhuset har stort behov for oppussing og ombygging om dei fullt ut skal nyttast til bustadformål. Hybelleilegheitene har betre standard enn hyblane og fellesareala.

Alle hybelleilegheitene er utleidt, men hyblane er berre i liten grad nytta til utleige.

6.4 Utfordringar knytt til bustadtildeling og bustadmiljø

Mange søker kommunalt husvære

Gjennomsnittleg pr år er det 43 søknadar om å få leige kommunale bustadar.

Personane i målgruppa er derfor i sterk konkurranse med andre vanskelegstilte som har behov for husvære. Kommunen har ikkje øyremerka eller bemanna bustader for personar i målgruppa. Erfaringsvis er det mange av personane i målgruppa som nærmiljøet har vanskeleg for å ta imot og integrere. For at vanskelegstilte personar skal få ein sjanse til å etablere seg i eigen bustad, må det i starten oftast skje via eit kommunalt målretta tilrettelagt tilbod.

Meir varige butilbod

Mange som bur i kommunalt husvære viser seg å ha behov for meir varige bustadtilbod enn normert leigetid på 3 år. Ein del av bustadmassen vert derfor bunden opp over mange år og det vert færre gjennomgangsbustadar ledige.

Det er til ei kvar tid fleire som søker communal bustad enn kva som er ledig. Søkjjarane vert oppmoda til å sökje bustad i den private bustadmarknaden, men mange lukkast ikkje trass mindre press i bustadmarknaden siste året. Dette gjeld særleg personar i målgruppa for handlingsplanen.

Mellombels husvære

Det har vist seg å vere vanskeleg å skaffe både tilfredstillande mellombels husvære og meir varig bustad. Mangel på ledig kommunalt husvære kan gje dyre løysingar og uverdige buforhald.

Eksempel; ut frå vurdering at hyblane i hybelhusa ikkje var egna til formålet, vart det ved eit høve løysinga å tilby campinghytte. Dersom vedkomande hadde tek imot tilboden, så ville leiga vore over 10 000 kr. pr. månad. Aktuell leigetakar hadde sosialstønad som livsgrunnlag og ordninga ville derfor verte ei dyr løysing for kommunen.

Vanskar med å halde på husvære

Fleire av personane i målgruppa som får oppfølging for å meistre å bu har eigen bustad, andre leiger på den private marknaden, nokon bur hjå familie/venar eller er utan fast bustad.

Det er stor opphoping av personar i målgruppa som har mange flyttingar bak seg av ulike orsakar. Dei fleste har for dårlig økonomi til å halde på gode husvære. Fleire får varsel om utkasting grunna manglande betaling av husleige.

Målgruppe med svært ulike behov

Personane i målgruppa har svært ulike utfordringar, og det kan i periodar vere store svingingar i den enkelte sitt bistandsbehov for å bu. I målgruppa er det personar som ikkje har utfordrande åtferd, men t.d. behov for bustad for å kunne flytte ut frå foreldreheimen. Andre har større utfordringar knytt til psykiske svingingar eller utfordrande åtferd knytt til bruk av rusmidlar. Spennet her gjer at det er behov for individuelle vurderingar og differensierte butilbod.

Dei fleste ynskjer å bu relativt nært kommunesentrum av ulike orsakar. Ei orsak er at mange ikkje har eigen bil. I distrikta er det relativt få bussavgangar pr. dag og med dårligare tilbod på kveld og helg. I tillegg er det mange personar i målgruppa som har vanskar med å nytte offentleg kommunikasjonsmiddel t.d. grunna angst.

Sjølv om fleire personar i målgruppa har ekstra store utfordringar i kvar dagen som gir seg utslag både for den enkelte, tenesteapparatet og lokalmiljøet, er der relativt stort potensiale til endring. Fleire i målgruppa som har hatt store utfordringar knytt til rus og/eller psykisk helse har positive resultat etter behandling og tett oppfølging.

Nokon treng bustad etter institusjonsopphald og har behov for bustad i ikkje belasta bumiljø. Andre har valt å flytte frå kommunen for å etablere seg i heilt nye rammer etter behandlingsopphald eller komme seg inn på den private bustadmarknaden. Samla fører dette til ustabile tal for kor mange som både på kort og lang sikt har behov for bustad.

Utfordringar med å finne egna bustadar

Tildelingsnemnda opplever utfordringar i å finne egna bustader for personar i målgruppa.

Dette både ut frå at det er mange som søker kommunalt husvære og i prioriteringa kven som til ei kvar tid har størst behov for dei husværa som er ledig.

Det er òg generelt skepsis til kva som er egna bustad og geografisk plassering for personar i målgruppa. Denne skepsisen botnar nok i negative erfaringar ved tidlegare og noverande utelege jf både omtalen av situasjonar ved utelege i Hybelhusa og avsnittet om husleigerestansar. Med den type erfaring er det fare for at det skal skje ei generalisering og ei oppfatninga av at alle personane i målgruppa har lik utfordring kring det å bu.

Gjenbruk av bustadar etablert for personar med utviklingshemming

Kommunen har stor bygningsmasse som vart etablert for personar med utviklingshemming og det er behov for å finne alternativ for gjenbruk av bustadane. Det er ikkje ledige husvære i denne bygningsmassen i dag.

Mange i målgruppa uttrykkjer at dei ynskje å bu (sitat): ” i eit ”vanlig lokalmiljø i eit vanlig hus med vanlig standard og vanlige naboar” og ikkje i bufellesskap med andre vanskelegstilte jf butilbod på hybelhusa. Vidare uttrykkjer mange ynskjer å bu sentralt. Denne bustadmassen ligg nært kommunesentrumet.

Mykje av kommunal bustadmasse er samlokaliserte bustadar der vanskelegstilte er busett, og dermed ikkje i samsvar med det butilboden mange i målgruppa ynskjer seg. Viser og til omtale frå andre kommunar med utfordringar som kan vere knytt til at mange med tilsvarende problem som bur samlokalisert. Det aukar behovet for bemanning.

Variasjonen i behova til dei enkelte i målgruppa utelukkar ikkje at nokon kan tenkjast å ynskje seg denne buforma. Samlokalisering krev individuell vurdering av kven som egnar seg for denne buforma. Dette både ved omsyn til andre bebuarar i samlokaliseringa ved ledige enkeltleilegheiter og ved nyetablering når heile bueiningar vert ledige.

Hybelhusa og bumiljøet der

Delar av Brunhuset og Rødhuset er leig ut til bustadformål. Hybelhusa har siste åra særleg vore nytta til personar som har utfordringar knytt til rus. Enkelte har budd der i mange år. Nokon har søkt anna communal bustad utan å lukkast so langt. Hyblar har vore tildelt ved akutt mangel på bustad og ved mangel på anna butilbod. Dette gjeld mellom anna unge som både har store utfordringar knytt til rus og/eller psykisk helse og med manglande buevne.

I tillegg til därleg bustandard i hybelhusa har bumiljøet vore ei utfordring for den enkelte bebuar, for kommunen og nærmiljøet. Dette særleg på grunn av at fleire av leigetakarane har vore i periodar med aktiv bruk av rusmidlar. I periodar har hybelhusa vore tilhaldsstad og bustad for fleire enn den bustaden er/var leigd ut til. Det at det har vore fleire svært unge leigetakrar i hybelhusa gjorde at miljøet trekte til seg andre som oppsøkte rusmiljøet. Dette både av mindreårige og andre unge som er i risikogruppa, og av dei som alt hadde kontakt med rusmiljøet frå før.

I periodar har det vore ekstra utfordringar knytt til både utagerande åtferd, hærverk av bustadane. Politiet har måttå rykka ut og avdekka kriminelle handlingar i miljøet på Hybelhusa. For leigetakarane har dette bumiljøet ført til ekstra store utfordringar, særleg i eit behandlingsløp og ein rehabiliteringsprosess. For kommunen fører dette til auka kostnadar med heilt naudsynte reperasjonar i tillegg til bruk av personellressurs.

Kommunen har sett i verk tiltak med opprydding og stengt av delar av tilkomst til hybelhusa for å minske sjansane for at uvedkomande tek seg inn og oppheld seg der. Tiltaka har hatt positive utfall og tilbakemeldingane både frå bebuarane og politi at det p.t. ikkje er spesiell uro på hybelhusa. Det er heller ikkje meldt at uvedkomande har opphelde seg i hybelhusa siste tida.

Kommunen har ikkje tildelt hyblar dei siste månadane ved meldt bustadbehov ut frå den därlege standarden hybelhusa har. Dette har ført til betre bumiljø for dei gjenbuande, men den gjennomgåande därlege bustandarden gjer at husværa ikkje kan nyttast fullt ut. Fleire av dei som hadde husvære på hybelhusa har søkt kommunal bustad men er p.t. i mellombels busituasjon i institusjon eller bur hjå andre. Kommunen har eit særleg ansvar for å bistå med å skaffe bustad for personar som skal skrivast ut frå behandlingsinstitusjonar eller kriminalomsorga. Dette har vist seg å vere ei utfordring til no.

Unge vanskelegstilte

I periodar har fleire unge behov for bistand for å meistre å bu. Nokon er i risikogruppa eller alt har utfordringar kring rus/psykisk helse. Fleire av dei har mangelfulle buevne og har behov for oppfølging og butrenning. Dette er behov som er meldt både frå barneverntenesta, psykiatrisk sjukepleiar og NAV. Mange av dei som har vore følgt opp av barneverntenesta takkar nei til ettervern ved fylte 18 år, men kan vise seg å ha behov for oppfølging som nemnt her.

Det er ikkje etablert eige tilbod for unge som treng tett oppfølging eller butrenning. Dei ledige husværa på hybelhusa har i tillegg til därleg standard vore vurdert som ikkje forsvarleg å nytte til unge vanskelegstilte. Dette særleg grunna det aktive rusmiljøet som har vist seg på hybelhusa. Det er eksempel på at ungdom har budd ute på tilfeldige plassar i mangel på eigna butilbod.

Potensiale for endring ved gode rammer

Gode rammer for bustaden, adekvate oppfølgingstilbod og brukarmedverknad er faktorar som har stor innverknad for å få positiv utvikling og betra bumiljø..

Dette er erfaringar som understreka i dei to kommunane prosjektgruppa var på informasjonsinnehenting hjå. Tilsvarande er å lese i ulike rapportar frå buprosjekt i andre kommunar i landetjf ”På veg til eigen bolig” og prosjekt i regi organisasjonen KREM (sjå tidlegare omtale).

Det vert også vist til som viktig at potensiell leigetakar vert teken med i val av bustad, evt. restaurering og byggeprosess. Det at vedkomande får eit eigarforhold til bustaden viser der at husvære vert teke betre vare på og bumiljøet vert ikkje samlingsplass i same grad. I motsetnad har andre kommunar tilsvarande erfaring som kommunen herjf hybelhusa, at uegna bustadform og därleg standard kan føre til meir hærverk på bustaden og utfordrande bumiljø.

Der vert hevda både i kommunane prosjektgruppa besøkte og i litteratur som vist til over at dersom mange med tilsvarande og store utfordringar skal bu samlokalisert eller svært konsentrert geografisk, krev det god bemanning i bustadane for å få til eit godt butilbod. Dette òg for å skape meir ro og orden både for leigetakarane og naboor. Dette gjeld særleg personar som har utfordringar knytt til rus og/eller store psykiske vanskar.

Molde kommune har hatt samlokaliserte bustadar for personar som er i aktiv rus, men tilbodet vart vedteke avvikla inneverande år. Dei set no inn tiltak med tettare oppfølging i bustaden der den enkelte bur rundt om i kommunen.

Rammene for butilbod på hybelhusa kan ut frå det som er nemnt over tenkjast å ha hatt negativ innverknad på utviklinga av miljøet som har råda der. Vidare kan dei negative erfaringane t.d. i hybelhusa ha ført til generalisering av målgruppa og til auka skepsis ved tildeling av andre husvære. Dette både med frykt for materielle øydeleggingar av husværa og med omsyn til naboar i lokalmiljøa.

Enkelte kommunar har bustadar der det er eit krav at leigetakar tek i mot oppfølging i bustaden som del av leigekontrakten. Andre nyttar øyremerka bustadar og Lågterskelttilbod, nokon med minimal bustandard der husværet kan leigast på døgnbasis. I Vestnes er det ikkje bustadar med bemanning som vist til her.

Sal av bustadar

Vestnes har ein trond økonomi og er eigar av relativt stor bygningsmasse. Fleire kommunale bustadar har blitt selt og det er planer om å selje fleire i nær framtid, viser til vedlegg 3.

Sal av bustadane kan føre til ytterlegare utfordingar med å finne egna butilbod for personane i målgruppa. Dette særleg ut frå at det er mange søkerar på kommunale husvære og at målgruppa ikkje er spesielt nemnt som prioritert gruppe i retningslinene for tildeling av bustadar.

Husbanken sine verkemidlar

Det er eit ynskje for mange å eige eigen bustad, men personane i målgruppa har gjennomgåande därleg økonomi som er eit hinder i så måte. Husbanken har hatt ei ordning der det har vore lagt til rette for at vanskelegstilte kunne kjøpe den kommunale bustaden etter å ha leigd i 5 år, ”frå eige til å leige”. Dette har vore vellykka tiltak i fleire kommunar der det ikkje har vore noko økonomisk risiko for kommunen.

Endring i Husbanken sitt regelverk har blitt eit hinder for fleire som kunne tatt del i ordninga ”frå leige til eige”. Endringa i regelverket tillet ikkje at enkeltpersonar kan ta over tilskottet kommunen har motteke til bustad, noko dei er avhengig av for å makte dei økonomiske forpliktingane. Dette er ei regelendring som er til ugunst for den enkelte og for kommunen.

6.5 Oppsummering

Tildeling av institusjonsplassar og omsorgsbustadar vert gjort i eige fagråd. For øvrig bustadmasse er det eiga tildelingsnemnd. Kommunen har stor communal bygningsmasse for personar med utviklingshemming som vil verte ledige etter naturleg fråfall. Det er ei eiga gruppe som skal vurdere alternativ for gjenbruk av husværa. Prosjektgruppa for bustadsosial handlingsplan er bede om å vurdere gjenbruk av desse husværa. ”Psykiatribustadane” er tenkt nyttta til enkelte i målgruppa.

Kommunen si økonomiplan for 2010– 2013 og driftsbudsjettet for 2010 føreset sal av kommunale eigedomar. Ei administrativ arbeidsgruppe har i oppdrag å vurdere og komme med framlegg til kva kommunale eigedomar ein rår til vert selt. Nokre kommunale bustadar er alt selt, andre ligg ute for sal eller er planlagt lagt ut for sal i nær framtid.

Kommunen har relativt store summar uteståande grunna manglende innbetaling av husleige. Det vert jobba med ulike tiltak for å betre betalingsevna gjennom tettare oppfølging og endring av rutinar. Mange i målgruppa har både svak økonomi og økonomistyring og behov for økonomi- og gjeldsrådgjeving. I mange tilfeller er det eit tidkrevjande forarbeid før ein får til betalingsordningar t.d. for husleige.

Husværet vert vanlegvis tildelt for 3 år. Det kan verte gitt utvida leigetid for 1 år om gongen. Det viser seg at mange av dei som bur i husvære ber om forlenga leigetid ut over dei 3 åra. Det gjer at ein del av bustadmassen vert bunden opp over tid. Fleire av dei som har kommunal bustad er vurdert å ha behov for bistand til å skaffe seg varig bustad, og for å behalde bustaden. Det vert gjennomsnittleg sendt ut 3-4 varsel pr år om utkasting.

Hybelhusa har dårlig bustandard ut frå dagens norm og har stort behov for oppussing og ombygging om dei fullt ut skal nyttast til bustadformål. Kommunen har ikkje tildelt hyblar dei siste månadane ved meldt bustadbehov ut frå den dårlige standarden hybelhusa har. I tillegg til dårlig bustandard i hybelhusa har buminiljøet vore ei utfordring for den enkelte bebuar, for kommunen og nærmiljøet. Dette særleg på grunn av at fleire av leigetakarane har vore i periodar med aktiv bruk av rusmidlar. Hyblar har vore tildelt ved akutt mangel på bustad og ved mangel på anna butilbod. Dette gjeld mellom anna unge som både har store utfordringar knytt til rus og/eller psykisk helse og med manglende buevne. Psykiatribustadane er tenkt gi butilbod til til delar av målgruppa.

Tidelingsnemnda opplever utfordringar i å finne egna bustader for personar i målgruppa. Erfaringsvis er det mange av personane i målgruppa som nærmiljøet har vanskeleg for å ta imot og integrere. For at vanskelegstilte personar skal få ein sjanse til å etablere seg i eigen bustad, må det i starten oftast skje via eit kommunalt målretta tilrettelagt tilbod.

Personane i målgruppa har svært ulike utfordringar, og det kan i periodar vere store svingingar i den enkelte sitt bistandsbehov for å bu. Spennet her gjer at det er behov for individuelle vurderingar og differensierte butilbod. Det er òg generelt skepsis til kva som er egna bustad og geografisk plassering for personar i målgruppa. Fleire i målgruppa som har hatt store utfordringar knytt til rus og/eller psykisk helse har positive resultat etter behandling og tett oppfølging.

Mykje av communal bustadmasse er samlokaliserte bustadar der vanskelegstilte er busett, og dermed ikkje i samsvar med det butilboden mange i målgruppa ynskjer seg. Uttalar frå andre kommunar er at samlokalisering av personar med store utfordringar stiller auka krav til bemanning. Variasjonen i behova til dei enkelte i målgruppa utelukkar ikkje at nokon i målgruppa kan tenkast å ynskje seg denne buforma. Samlokalisering krev individuell vurdering av kven som egnar seg for denne buforma. Dette både ved omsyn til andre bebuarar i samlokaliseringa ved ledige enkeltleilegheiter og ved nyetablering når heile bueiningar skal samansettast.

Gode rammer for bustaden, adekvate oppfølgingstilbod og brukarmedverknad er faktorar som er omtala å ha stor innverknad for å få positiv utvikling og betra buminiljø. Enkelte kommunar har bustadar der det er eit krav at leigetakar tek i mot oppfølging i bustaden som del av leigekontrakten.

Fleire kommunale bustadar har blitt selt og det er planer om å selje fleire. Sal av bustadane kan føre til ytterlegare utfordringar med å finne egna butilbod for personane i målgruppa om ein ikkje finne alternative løysingar. Det er gjennomsnittleg 43 søknadar på husværa tidelingsnemnda tildeler gjennom året og stor konkurranse om bustadane. Endring i Husbanken sitt regelverk har blitt eit hinder for fleire som kunne tatt del i ordninga "frå leige til eige". Dette er ei regelendring som er til ugjost for den enkelte og for kommunen.

7. Handlingsplan og tiltak

7.1 Behovet for bustad og oppfølging delt inn i trinn.

I målgruppa er det personar som har svært ulike behov og individuelle variasjonar kva bistand den enkelte treng til ei kvar tid for å bu og for å meistre livssituasjonen sin. Bustad og bistandsbehovet vert delt inn i 3 trinn ut frå fasar i livet, behovet for oppfølging og buform.

Erfaringsvis er det mange av personane i målgruppa som nærmiljøet har vanskeleg for å ta imot og integrere. For at vanskelegstilte personar skal få ein sjanse til å etablere seg i eigen bustad, må det i starten oftast skje via eit kommunalt målretta tilrettelagt tilbod.

Trinn 1, mål 3 mnd, høve til forlenge 3 mnd.

2-3 øyremerka husvære

- Pålagt tilsyn og oppfølging ut frå individuelle behov.
- Tilbod for unge med mangelfull buevne, strakstiltak, utgreiing, kartlegging, lågterskel, mellombels husvære.
- Avklare og planfeste behov og tilbod i trinn 2.
- Utviklast gjennom prosjekt

Trinn 2, maks 3 år

- Tilboden gitt uavhengig av om vedkomande bur i kommunal eller private bustad.
- Planfeste overgangen til trinn 3; behovet for evt. varig bustad ved leige av kommunal bustad, ut på private marknaden eller til å eige
- Avklare oppfølgingsbehov og etablere tiltak for å optimalisere bu-og livssituasjonen gjennom perioden.
- Utviklast gjennom prosjekt

Trinn 3, varig bustad

- Etablert i kommunal eller privat bustad, leige eller kjøpe.
- Oppfølginga trappast gradvis ned
- Utførast av den eksisterande oppfølgingstenesta.

Trinn 1

I trinn 1 har personen behov for tett oppfølging og det må vere knytt personale til tilboden ut frå individuelle behov og fatta enkeltvedtak.

Tilboden kan vere aktuelt for unge som har behov for strakstiltak, førebyggande tiltak, i venteperiode for behandlingsplass, ved mangelfulle buevne og at dei ikkje greier å ta vare på seg sjølv. Vidare kan det vere eit tilbod til meir vaksne personar som for ei kort periode har større bistandsbehov.

Koordinator for rus eller psykiatri har ansvaret for oppstart av tiltak i trinn 1 ut frå dåverande hovudproblematikk til personen. Dette etter vurdering i samarbeid med brukaren, ei evt. ansvarsgruppe eller fastlegen om ansvarsgruppe ikkje er oppretta.

Tilbodet utformast gjennom prosjekt. Prosjektmidlar vert søkt frå stat og fylke.

Det vil vere behov for 2 –3 øyremerka leilegheiter til dette formålet.

Erfaring frå det kliniske arbeidet og behov som er meldt både frå Barne- og ungdomstenestene, psykiatrisk sjukepleiar og koordinator i NAV, viser behov for denne type tilbod. Bustadane må vere heimla slik at personen ikkje kan nekte å ta i mot tilsyn og oppfølging. Leilegheitene bør ligge nært inntil andre bustadar med bemanning for å kunne nytte felles personell til delar av oppdekkingsbehovet.

Trinn 1 skal vere eit mellombels tilbod som vanlegvis skal avsluttast innan 3 månadar. Unntaksvise kan perioden forlengast med inntil 3 nye månadar. I denne fasen skal det gjerast strakstiltak, utgreiing, kartlegging og planfeste vidare tiltak både med kortsigte og meir langsiktige mål. Det skal skaffast anna bustad om personen manglar det og fattast vedtak på tenestene. Vidare skal oppfølging for fase 2 vere kartlagt, planfesta og vere etablert før avslutting av trinn 1. For å unngå at personane vert verande i trinn 1 ut over 3 mnd, vert personane prioritert i tildeling av husvære. I periodar der personar i målgruppa ikkje har behov for leilegheitene, kan dei nyttast som døgnbustad for andre.

Trinn 1 kan dekkje ulike behov

Dei 2-3 plassane i trinn 1 kan prøvast ut å dekkje både tilbod til unge med behov for oppfølging og butrenings, Lågterskeltilbod og mellombels husvære. Det må takast omsyn til samansetting av gruppa ved samtidig bruk av alle 2-3 leilegheitene.

Mellombels butilbod til unge med behov for oppfølging og butrenings

Viser til omtale over om meldt behov frå ulike instansar i kommunen om behov for denne type tilbod. Det er kjent at fleire unge har mangelfull buevne og har behov for tiltak som nemnt her. Det er òg rapportert frå psykiatrisk sjukepleiar at etter hennar vurdering er det 6 av dei personane ho følgjer opp som har behov for trening i å bu. Det er ikkje kartlagt om det behovet kan dekkjast med tettare oppfølging der vedkomande bur i dag eller om tilboden i trinn 1 kunne vore meir adekvat. Ved å øyremerke husvære med pålagt tilsyn og oppfølging, kan ein komme i møte behov for oppfølgingstilbod for unge som i ei periode treng trening i å bu.

Lågterskeltilbod

Lågterskeltilbod er vanlegvis oppretta for personar som er særleg vanskelgstile. Slik vi kjenner situasjonen i kommunen i dag er det i periodar behov for eit lågterskeltilbod for personar i målgruppa som har ekstra utfordringar i ei periode. Vidare kan dette tilboden kombinerast med andre tilbod som krev bemanning, sjå under. Omfanget på tilboden i trinn 1 må sjåast i samanheng med at i dei aller fleste tilfella kan personar verte tilbydd auka oppfølging i eigen bustad eller tilvist spesialisthelsetenesta om situasjonen tilseier det.

Mellombels husvære

Viser til tidlegare omtale vedr. vanskane med å finne både mellombels og meir ”varige” husvære. Det er ofte kostbare og därlege løysingar ein må ty til om ein ikkje har husvære til rådvelde der og

då, viser til eksempel med leige av campinghytte. Det er behov for husvære som kan verte tilbydd for korttidsleie. Tilboden kan nyttast t.d. ved akutt mangel på bustad, i påvente av behandlingsplass eller som vurderingsperiode før overgang i trinn 2 i anna bustad.

Trinn 2

I trinn 2 er personen over i kommunal bustad med leigeavtale inntil 3 år og med behov for oppfølging for å meistre å bu. Det vert gjort kartlegging og avklaring mot etablering i ein varig og stabil bu- og livssituasjon.

Ansvaret for den faglege oppfølginga vert lagt til dei respektive koordinatorane ut frå den tenesta som er mest sentral til ei kvar tid.

Tilboden utviklast gjennom prosjekt. Prosjektmidlar vert søkt frå stat og fylke. Utvikling av kvalitative god metodar i tenesta for raskast mogleg å nå målet om eit inkluderande og aktivt liv kan gjerast via prosjektorganisering.

Oppfølginga kan ytast oppsökande eller på offentlege kontor alt etter ynskje og variasjonar i behovet til ei kvar tid. Oppfølging ut frå enkeltvedtak. Målet er å jobbe mot at personen har eit normalisert og inkluderande liv med aktivitetar ut frå behov og interesse. Tilboden vert gitt uavhengig om vedkomande bur i kommunal bustad eller i den private bustadmarknaden. Ved behov for bustad, vert vedkomande prioritert for å skaffe og behalde bustad. Avklaring skal gjerast om det er behov for varig kommunal bustad, etablering i den private bustadmarknaden eller kjøp av bustad. Husbanken sine verkemidlar for å nå måla skal nyttast maksimalt.

Prosjektet må knytast opp mot eksisterande kommunale tilbod. Dette inkluderer også samarbeid med tilsette i prosjekt i trinn 1 for enkelte og for andre med oppfølgingstenesta som yter teneste i trinn 3. Dette gjeld både den spesifikke oppfølgingstenesta i Psykiatritenesta, NAV og BUT.

Trinn 3

I trinn 3 har personen etablert seg i varig/livslangt butilbod, kommunalt eller på den private bustadmarknaden, og har ein optimal stabil livssituasjon.

Personen har tilsvarende prioritet for å kunne skaffe seg bustad som nemnt over i trinn 2.

Omfanget på oppfølginga vert trappa gradvis ned ut frå individuelle behov dekt av eksisterande tenestetilbod for målgruppa

7.2 Gjenbruk av bustadar etablert for personar med utviklingshemming.

Det er p.t. ikkje ledige husvære i dei bustadane som vart etablert for personar med utviklingshemming. Ved rullering av bustadsosial handlingsplan og i planperioden på 4 år, kan

situasjonen vere ein anna. I målgruppa for handlingsplanen er det personar som er svært unge og nokon godt vaksen, alle med svært ulike utfordringar og behov. Nokon er i periodar i aktiv rus og andre har store svingingar i stemningsleiet. Mange er i rehabiliteringsfase, det vere seg knytt til rus og/eller psykisk helse.

Ved ledige leilegheiter skal det gjerast grundig individuell vurdering ut frå moment som nemnt i kap. 6.4 om det er personar i målgruppa som kan vere aktuell å tilby husværet. Vurdering og val av bustad bør skje i samråd med den aktuelle leidgetakaren. Det kan også vere at nokon i målgruppa har behov og ynskje om å bu i eit stabilt bufellesskap. Viser til erfaringar som er omtala der tilsyn og oppfølging vert sett som vesentleg faktor for å minske uro og utvikling av uheldige miljø. Tilsyn og bemanning i samlokaliseringa opprettast ut frå individuelle behov og fatta enkeltvedtak.

7.3 Andre kommunale bustadar

Det må takast omsyn til individuelle ynskjer og behov i so stor grad som mogleg ved tildeling av bustad, både geografisk plassering og buform.

Dette gjeld òg ynskje om å ikkje bu i øyremerka bustadar (sitat: "vil bu i normal bustad i eit naturleg bumiljø"). Målet kan nåast på kort sikt ved at personane i målgruppa vert prioritert og tilbydd kommunalt husvære. Bustadane vert tilbydd for langsiktig leige og som varig bustad for dei personane som har behov for det. Som det kjem fram i oversikta over bruken av kommunale bustadar, er det 18 personar i målgruppa som har communal bustad i dag og 5 personar av dei ynskjer seg anna bustad. 3 personar er utan bustad og 3 er usikre om får behalde eller kjem seg inn på den private marknaden. Tala her viser at det i dag er 25 -27 personar som treng bistand for å få behalde eller skaffe bustad.

For å dekkje framtidige bustadbehov for personar som kjem til/ ikkje har communal bustad i dag, skal målgruppa ha prioritet til 10 av dei kommunale leilegheitene. Dette ikkje i form av bestemte namngitte bustadar, men mengde bustadmasse som målgruppa har 1.prioritet til.

Dersom personar i målgruppa ikkje har behov for alle dei 10 bustadane, kan dei nyttast til andre med kortsiktig leigeavtale, 3-6 månadar. Erfaringsvis er det mange som søker kommunalt husvære og kommunen kan sikre husleigeinntekter i periodar der personar i målgruppa ikkje har behov for alle bustadane.

Talet på behovet for bustadar i planperioden vil som omtala vere usikre og variere. Behovet må sjåast i samheng med trinnmodellen som omtal i kap. 7.1. Tiltaka der er venta vil gi meir sikre tal over behovet for bustadar og omfanget av oppfølgingsbehov i planperioden på 4 år.

Hybelhusa

Skal hybelhusa nyttast fullt ut til bustadformål, må det gjerast ei omfattande ombygging og renovering. Husbanken sitt tilskott for tilstandsvurdering er i so fall aktuelt verkemiddel. Om hybelhusa vert renoverte vert 1 –2 leilegheit pr. hus tilbydd for leige eller sal til personar i målgruppa ut frå individuell vurdering. Utan renoveringa av hybelhusa, er hybelhusa å sjå på som mellombels husvære inntil dei vert avvikla.

7.4 Sal og kjøp av bustadar

Kommunen sin vanskelege økonomiske situasjon òg på same tid ha ansvar for å hjelpe vanskelegstilte med å skaffe bustad, kan vere ei utfordring. Husbanken sine verkemiddel må nyttast i størst mogleg grad for å gi fleire vanskelegstilte høve til bli meir sjølvstendig og komme seg inn på den ordinære bustadmarknaden.

Viser til omtale av dette i Riksrevisjonens undersøkelse av tilbudet til de vanskeligstilte på boligmarkedet, dokument nr. 3:8 (2007–2008). Det er gjort endring i regelverket til Husbanken som gjer at det er ei større utfordring enn tidlegare å få til ordninga ”frå leige til eige”. Endringa fører til at færre vanskelegstilte får høve til å eige eigen bustad.

Husbanken som kompetansesenter for bustadsosialt arbeid har ansvar for rettleiing overfor kommunane. Denne kompetansen vert å hente inn for å få auka kunnskap om verkemidla Husbanken kan tilby. Dette òg med å vise konkrete eksempel på korleis verkemidla kan knytast saman og med konkrete utrekningseksempel over faktiske buutgifter for den enkelte ved bruk av verkemidla.

Kommunen har lagt ut bustadar for sal og med plan om å selje fleire. Lov om sosiale tenester pålegg kommunane eit ansvar for å hjelpe vanskelegstilte på bustadmarknaden, sjå kap. 1.3. Tala som kjem fram i oversikta over personar i målgruppa som bur i kommunale bustadar i dag og andre med bustadbehov er i dag 25-27 personar. I tillegg kjem mellom anna 5-6 personar som bur i communal bustad i dag som er vurdert å ha behov for varig/livslangt bustadtilbod. Tala her må i ei overgangsperiode sjåast opp mot tal på tilgjengelege kommunale bustadar etter sal, sjå vedlegg 3. Dette for å få til å finne alternative bustadløysingar, og for å unngå at ein må ty til ekstra dyre bualternativ som kommunen må dekkje ut frå Lov om sosiale tenester §5-1.

Det bør undersøkjast nærmere om kjøp av bustad kan vere mogleg for vanskelegstilte som treng hjelp for å skaffe eller å behalde varig/livslangt butilbod. Prisforlangande og Husbanken sine verkemidlar vert avgjerande om kjøp er innan rekkevidde. Eit slikt sal og kjøp kan gjere at mål vert nådd både på individ- og kommunenivå.

7.5 Oppfølgingstenestene

Viser til tidlegare omtale at det i dei fleste tilfeller er det ikkje er tilstrekkeleg å berre skaffe bustad. Dei aller fleste i målgruppa har behov for oppfølging knytt til det å meistre å bu. Kommunen har eit lovpålagt ansvar for å bistå personar i målgruppa særleg ut frå Sosialtenestelova, (sjå kap. 1.3).

Det er stort behov i dag for oppfølgingstenestene og behovet verkar vere aukande, særleg for unge i målgruppa. Store delar av oppfølgingsarbeidet vert i dag dekt av tre prosjektstillingar og ein tiltakslass knytt til den spesifikke oppfølgingstenesta Berre ein av dei fire har fast tilsetting. Framtidig personalressurs må sikrast for at ha eit forsvarleg nivå. Søknadar om prosjektmidlar for vidareutvikling og nyetablering av oppfølgingstenestene vert utforma i samarbeid med Hilde Dahlen, KREM, sjå kap. 1.2.

7.6 Oppsummering

Behovet for oppfølging og for bustad er delt inn i ein 3 trinns modell:

Trinn 1 skal vere eit mellombels tilbod som vanlegvis skal avsluttast innan 3 månadar. Unntaksvise forlengast med 3 månadar. Tilboden vert gitt i 2-3 øyremerka leilegheiter. Bustadane må vere heimla slik at personen ikkje kan nekte å ta i mot tilsyn og oppfølging. Personalressurs ut frå individuelle behov. I perioden skal det gjerast strakstiltak, utgreiing, kartlegging og planfeste vidare tiltak både med kortsiktige og meir langsigktige mål opp mot trinn 2. Modellen skal prøvast ut med mål å dekkje; tilbod til unge med behov for oppfølging og butrenings, Lågterskeltilbod og mellombels husvære. Koordinator for rus eller psykiatri har ansvaret for oppstart av tiltak i trinn 1 ut frå dåverande hovudproblematikk til personen. Trinn 1 utviklast som prosjektarbeid og knytt opp mot dei andre trinna i modellen. Leilegheitene bør ligge nært inntil andre bustadar med bemanning for å kunne nytte felles personell til delar av oppdekkingssbehovet.

Trinn 2 er personen over i kommunal bustad med leigeavtale inntil 3 år og med behov for oppfølging for å meistre å bu. Det vert gjort kartlegging og avklaring mot etablering i ein varig og stabil bu- og livssituasjon. Tilboden utviklast gjennom prosjekt. Prosjektmidlar vert søkt frå stat og fylke. Ved behov for bustad, vert vedkomande prioritert for å skaffe og behalde bustad. Avklaring skal gjerast om det er behov for varig kommunal bustad, etablering i den private bustadmarknaden eller kjøp av bustad. Husbanken sine verkemidlar for å nå måla skal nyttast maksimalt.

Trinn 3 : personen etablert seg i varig/livslangt butilbod, kommunalt eller på den private bustadmarknaden, og har ein optimal stabil livssituasjon. Personen har tilsvarende prioritet for å kunne skaffe seg bustad som nemnt over i trinn 2.

Ved gjenbruk av samlokaliserte bustadar etablert for personar med utviklingshemming, må det både gjerast ei grundig individuell vurdering og takast gruppeomsyn. Mange i målgruppa har sagt dei ikkje ynskjer å bu saman med andre vanskelegstilte, men det kan vere at andre i målgruppa finn den buforma svært gunstig for seg.

I den øvrige bustadmassen bur i dag 18 personar i målgruppa og 25-27 personar treng bistand vedr. bustad. I tillegg kjem andre vanskelegstilte som ikkje er med i denne plana . For å dekkje framtidige bustadbehov for personar som kjem til/ikkje har kommunal bustad i dag, skal målgruppa ha 1. prioritet til 10 av dei kommunale leilegheitene. Hybelhusa vert å sjå på som mellombels husvære om dei ikkje vert renoverte. Ved renovering får målgruppa prioritet til 1-2 leilegheiter pr hus.

Kommunen har lagt ut bustadar for sal og med plan om å selje fleire. Det bør undersøkjast nærmere om kjøp av bustad kan vere mogleg for vanskelegstilte som treng hjelp for å skaffe eller å behalde varig/livslangt butilbod.

Oppfølging Kommunen har eit lovpålagt ansvar for å bistå personar i målgruppa særleg ut frå Sosialtenestelova. Viser til tidlegare omtale at i dei fleste tilfeller er det ikkje tilstrekkeleg å berre skaffe bustad. Dei aller fleste i målgruppa har behov for oppfølging knytt til det å meistre å bu.

8. Handlingsplan og tiltak

Målet er at personane i målgruppa skal få høve til å leve eit normalisert, inkluderande liv og ha eit aktivt liv i fellesskap med andre ut frå individuelle ynskjer og behov. Dette må vere seg om bustaden er leid av kommunen eller på det ordinære bustadmarknaden. For å oppnå dette ser vi auka bruk av statens og kommunen sine verkemidlar som naudsynte tiltak, ikkje berre frå Husbanken men også andre statlege midlar som er mogleg å søkje på. Viser her til tidlegare omtaler om støtteordningar frå Husbanken og til staten sine føringer om å søkje prosjektmidlar og tilskott frå ulike instansar for utvikling av heilsakapleg tiltak og kompetanseheving på tenestene.

For dei aller fleste i målgruppa er det ikkje tilstrekkeleg tilbod å få skaffa bustad. Det mange som har stort behov for oppfølging med tiltak opp mot behandling, aktivitet, arbeid, økonomi- og gjeldsproblematikk m.m. Det er ei utfordring å finne egna tilbod både på kommune- og spesialisthelsenivå. Erfaringsvis er det mange av personane i målgruppa som nærmiljøet har vanskeleg for å ta imot og integrere. For at vanskelegstilte personar skal få ein sjanse til å etablere seg i eigen bustad, må det i starten oftast skje via eit kommunalt målretta tilrettelagt tilbod.

Som det går fram av mandatet, så omhandlar ikkje denne bustadsosiale handlingsplan alle vanskelegstilte i kommunen som har behov for bustad og/eller bistand for å bu. Planen er ei delplan for personar som har utfordringar knytt til rus og/eller psykisk helse. Vidare er mandatet at vi ikkje skal ende opp i forslag om nybygg, men sjå på gjenbruk og bruk av den eksisterande kommunale bustadmassen. Ut frå dette er følgjande tiltak valt:

8.1 Plan og tiltak for bustad:

Personane i målgruppa har bustad og trygge butilhøve ut frå individuelle behov og ynskjer ved:

- innføre 3 trinnsmodellen for å dekkje bistandsbehov ved målretta tenester.
- målgruppa har 1. prioritet til 10 kommunale husvære
- gjenbruk av bustadmasse etablert for personar med utviklingshemming vert tilbydd ut frå grundig vurdering på individ- og gruppennivå
- dei som har kommunal bustad i dag får bistand for å skaffe og/eller behalde husvære
- målgruppa får kommunale husvære ved at avsette leilegheiter er tilgjengeleg innan 3 mnd.
- søkje prosjektmidlar for utvikling av kvalitativt og kvantitative gode tenester
- mellombels husvære skal ha ein forsvarleg standard
- unngå konsentrert busetting for personar med store utfordringar som kan vere til hinder for normalisering, integrering og rehabilitering
- tilby 1-2 av ”psykiatribustadane” til personar som har ikkje har utfordrande åtferd
- nytte Husbanken sin kompetanse og verkemiddel for å gje fleire høve til eige eigenbustad
- legge til rette for private utbyggjarar og vere bindeledd mellom utbyggjar og bustadsøkjar

8.2 Plan og tiltak for oppfølgingstenestene:

Personane i målgruppa vert tilbydd kvalitativt gode individuelle tenester ut frå behov og eit forsvarleg fagleg nivå ved:

- heilskapleg tilnærming på tvers av organisatoriske grenser og forvaltningsnivå
- vidareutvikle interne og eksterne tverrfaglige og tverretatlige samarbeidsfora
- bruk av Individuell Plan og Ansvarsgrupper
- fatte enkeltvedtak for personar i målgruppa som har behov for tett oppfølging
- samarbeid med brukarorganisasjonar, frivillige organisasjonar og næringslivet
- prioritere unge i målgruppa ved tidleg innsats og førebyggjande arbeid gjennom vidareutvikling av tilbod om rusfrie arena for barn og unge
- sikre tilstrekkeleg personalressurs i dei spesifikke oppfølgingstenestene
- samarbeide og nytte personellressurs i andre kommunale oppfølgingstenester
- sikre gode rutinar i overgangar mellom ulike tenestetilbod og behandlingsinstansar
- gjere kjent for personar i målgruppa interkommunale tilbodet som vert tilbydd
- vidareutvikle tenestene ved kompetanseheving og prosjektarbeid
- drive førebyggjande arbeid og prioritere tiltak for unge
- vidareutvikle tilbodet ved Myra Aktivitetssenter

8.3 plan og tiltak kring økonomi:

Betre økonomisituasjonen til personane i målgruppa og kommunen ved:

- nytte Husbanken sin verkemidlar i so stor grad som mogleg
- søkje Husbanken om midlar til vidare bustadsosial planlegging og gjennomføring av bustadsosial politikk i kommunane
- søkje statlege prosjekt- og tilskottsmidlar for utforming og etablering av kvalitativt gode tverrfaglege og tverretatlege oppfølgingstenester.
- søkje statlege prosjektmidlar for auke tilbodet om økonomi- og gjeldsrådgjeving for å gjere den enkelte meir økonomisk sjølvstendig
- fokus på inntektsikring for den enkelte
- tett oppfølging og betre rutinar for å unngå opparbeiding av husleigegjeld t.d. ved å inngå frivillige avtalar med leigetakar om utbetaling av bustønaden direkte til kommunen, vurdere auka bruk av frivillig og tvungen forvaltning for personar som sjølv ikkje kan ivareta sine økonomiske forpliktingar jf § 22-6 i Folketrygdlova og auka bruk av Autogiro ved betaling
- fleire personar er over på aktive tiltak som erstattar sosialstønad som inntektskilde

9. Oppfølging av Bustadsosial handlingsplan

9.1 Overordna ansvar for oppfølging av planen

Administrasjonssjefen har det overordna ansvar for gjennomføringa av handlingsplanen. Kvar av einingane har ansvar for å følgje opp planen ut frå det som er deira faglege ansvar.


9.2 Rullering av planen

Planperioden er 2011 – 2014. Ut frå som nemnt over om ustabile tal på personar som til ei kvar tid treng bistand for å bu, kan det i planperioden verte behov både for fleire bustadar og ressursar til oppfølging enn som kjem fram i denne planen.

Vedlegg 1

Folkemengde i dag og fram i tid

Folkemengde 1995-2010 og framskrevet 2011-2030¹




¹Framskrivning basert på alternativ MMMM (middels vekst)

Befolkinga henta frå Statistisk sentralbyrå etter aldersstruktur og kjønn i 2010



Befolkningsprognose for 2015 med aldersstruktur og fordeling i kjønn.



Befolkningsprognose for 2020 med aldersstruktur og fordeling i kjønn.



Vedlegg 2

Oversikt over dei økonomiske verkemidla til Husbanken

Bustønad

Bustønad er ei statleg økonomisk stønadsordning som blir administrert av Husbanken og kommunane. Bustønaden skal sikra at vanskelegstilte på bustadmarknaden skal få ein bustad og kunna halda på denne. Bustønaden skal gå til å dekkja faste buutgifter for den einskilde. Ordninga er behovsprøvd, og er retta mot husstandar med låge inntekter og høge buutgifter.

Som hovudregel kan alle over 18 år søkje bustønad. Men det er nokon unntak for studentar og vernepliktige. Vidare vert det stilt krav om at bustaden er ein heilårsbustad og er ei sjølvstendig bueining.

I følje Kommunal- og regionaldepartementet sine nettsider fikk vel 136.000 husstandar bustønad ein eller fleire gongar i 2009. Dette er 13.400 fleire husstandar enn i 2008. Nytt regelverk frå 1. juli 2009 sikra at fleire får hjelp, og departementet venter at rundt 2.000 nye husstandar kjem inn i ordninga kvar månad framover. I statsbudsjettet for 2010 ligger det 3,6 milliard kroner til bustønad - nesten 1 milliard kroner meir enn for 2009. Den største auken har kome blant unge einslege med låg inntekt og høge buutgifter.

Startlån

Startlånet vert tildelt frå Husbanken til kommunane for vidare lån. Formålet med startlånondinga er å skaffa og sikre bustader for unge og vanskelegstilte på bustadmarknaden. Dette skal vere eit tilbod for dei som vanlegvis ikkje får lån i dei ordinære kredittinstitusjonane. Lånet kan verte gjeve som topp- eller fullfinansiering ved kjøp av bustad, toppfinansiering av ny bustad, utbetring av bustad eller til refinansiering av lån slik at låntakar kan bli buande i bustaden sin. Ordninga er med andre ord eit unikt tilbod til personar som har problem med å få lån i private bankar, og eit særleg godt tiltak i tider der viljen til å gje lån i private bankar er låg.

Grunnlån

Grunnlånet skal fremme universell utforming og miljø i nye og eksisterande bustader, finansiere bustader til vanskelegstilte og husstandar i etableringsfasen og sikre naudsnyt bustadforsyning i distrikta. Grunnlånet kan nyttast til nye bustader, utbetring av bustader, ombygging av bygningar til bustader, og kjøp av nye og brukte utleiebustader. Husbanken kan gi grunnlån på 80 % av prosjektkostnadene eller salsprisen av nye bustadar dersom prosjektet tilfredsstiller kriteria for universell utforming og miljø. Ved utbetring kan grunnlånet utgjere inntil 100 % av dei utbetringskostnadene Husbanken godkjenner.

Bustadtorskott

Husbanken gir ulike former for tilskott. Retningslinene for tildeling vart revidert i 2008 der Husbanken stiller krav til kommunane for å få tildelt bustadtorskot. Dette omhandlar framlegging av bustadsosial handlingsplan eller anna relevant planverk som inneheld kartlegging av bustadsosiale utfordringar i kommunen og plan for løysing.

Tilskott for oppføring eller kjøp av utleiebustadar

Både kommunar og andre juridiske personar kan søkje tilskott til oppføring eller kjøp av utleiebustadar for personar med svak økonomi. Bultiltak retta mot bustadmangel er høgast

prioritert. Vidare har Ungbo-prosjekt og andre butiltak for unge og vanskelegstilte som er knytt til sosialfaglige tenester høg priorititet.

Tilskott for tilstandsvurdering

Bustadtilskott skal vere til hjelp for å skaffa og sikra eigna bustader til vanskelegstilte på bustadmarknaden. Maksimalt tilskott skal ikkje overstige differansen mellom kostnadsdekkande husleige og sannsynleg husleige, og skal normalt ikkje overstige 20 % av godkjente prosjektkostnader. Prosentsatsen kan likevel være inntil 40% når bustadane skal brukast til å førebygge og kjempe mot bustadmangel, og då særlig bustadprosjekt for personar med utfordringar som krev eit heilheitleg hjelpeapparat.

Investeringstilskott

For å auke kapasitet, bygge fellesareal, ombygging eller utbetring av bustader for personar med behov for heildøgns helse- og sosialteneste uavhengig av alder og diagnose. Målgruppa er blant andre personar med psykiske og sosial problem.

Tilskott til enkeltpersonar

Butilskottet skal vere til hjelp for å skaffe og sikre eigna bustader for vanskelegstilte på bustadmarknaden både til utbetring og tilpassing av bustad, refinansiering og planlegging av tilpassing.

Kompetansetilskott

Kompetansetilskottet skal medverke til å heve kompetansen på det bustad- og bygningspolitiske området. Tilskottet skal mellom anna nyttast til samarbeids- og utviklingsprosjekt knytte til arbeidet med å førebyggje og avskaffe bustadmangel. Vidare skal tilskottet medverke til kompetanseutvikling og formidling av informasjon om bustadsosialt arbeid. Det kan også søkjast om midlar til bustadsosial planlegging og gjennomføring av bustadsosial politikk i kommunane.

Vedlegg 3

Oversikt over den øvrige bustadmassen

Namn	Bustadtype	- roms	Geografisk område	Planlagt seljast	Tal på bueiningar
Kommunehuset	leilegheiter	2 og 3	Tresfjord		3
Bekkefaret	leilegheiter	4 og 2	Tresfjord	ja	2
Libo 1	einebustad	4 og 2	Tomrefjord	ja	2
Libo 2	einebustad	4 og 2	Tomrefjord	ja	2
Libo 3	einebustad	4 og 2	Tomrefjord	ja	2
Liborg	vertikaldelt	4 og 2	Tomrefjord		2
Gjerdeheim 1	einebustad	4 og 2	Åsbygda	ja	2
Utsikten	einebustad	4 og 2	Tomrefjord		2
Lyngstien 5B	burettslag	3	Kråkvika	ja	1
Lyngstien 6A	burettslag	2	Kråkvika		1
Lyngstien 8A	burettslag	3	Kråkvika	ja	1
Lyngstien 12B	burettslag	4	Kråkvika	ja	1
Lyngstien 14A	burettslag	4	Kråkvika		1
Lyngstien 14B	burettslag	4	Kråkvika		1
Einebakken 3B	burettslag	3	Kråkvika		1
Hllandbo 1-2	vertikaldelt	4	Kråkvika	ja	2
Hllandbo 3-4	vertikaldelt	4	Kråkvika	ja	2
Hllandbo 5-6	vertikaldelt	4	Kråkvika	ja	2
Kråkviktun øvre	rekkehus	3	Kråkvika		3
Kråkviktun nedre	rekkehus	3	Kråkvika		3
Nesbu 1-2	vertikaldelt	3	Hagneset		2
Hagnestun	rekkehus	1 og 2	Hagneset		5
Brunhuset	2 leilegheiter, hyblane lite i bruk	2 1	Hllandheim-området		2
Rødhuset	6 leilegheiter, hyblane lite i bruk	2 1	Hllandheim-området		6
Gulhuset	Lagt ut for sal		Hllandheim-området	ja	